

## MØTEINNKALLING

**Utval:** Maritim og teknisk komite  
**Møtestad:** Formannskapssalen Herøy rådhus  
**Dato:** 10.09.2018  
**Tid:** 15:00

Melding om forfall til tlf. 70081300.

Forfall til møte i kommunale organ skal vere gyldig i hht. Lov om kommuner og fylkeskommuner § 40, nr. 1.

Varamedlemer som får tilsendt sakliste, skal ikkje møte utan nærare innkalling.

---

**NB! Synfaring – Oppmøte Djupvikvatnet kl 15.00 (MTK-sak 50/18)**

Fosnavåg, 04.09.18

Idar Tarberg  
leiar

## SAKLISTE:

Saksnr	Innhold
PS 46/18	Godkjenning av innkalling og sakliste
PS 47/18	Protokoll frå førre møte.
PS 48/18	Delegerte saker
PS 49/18	Referatsaker
PS 50/18	Ronny Djupvik - 44/20 - Søknad om dispensasjon frå kommuneplanen med sikte på frådeling av tilleggsareal til 44/68
PS 51/18	Jekta Anna Olava 40/57 Tiltak naust - dispensasjon
PS 52/18	Borgar Nærø 24/5 - frådeling av tilleggsareal
PS 53/18	Lampholmen AS 26/162 og 19 - Tiltak tomannsbustader - Dispensasjon for oppføring av 2-mannsbustad
PS 54/18	Lampholmen AS 26/162 Tiltak tomannsbustader - dispensasjon frå arealdelen av kommuneplan
PS 55/18	Tommy Solibakke 29/276 - Støttemur - Søknad om dispensasjon frå reguleringsplan
PS 56/18	Berit Berge Skjelsvik - 38/57 - Utlekking av flytebrygge
PS 57/18	Kostra 2017
PS 58/18	Kommunebarometer 2018



## **Referatsaker**

- RS 8/18 lysark jordvern
- RS 9/18 Tilbakemelding til MTK - Oppdatering på sak som gjeld forskrift om fartsavgrensing i sjøen i Herøy kommune
- RS 10/18 Tillatelse Hfl - Fv 654 Jensholmbrua - Bygging av erstatningsbru - Herøy kommune - Møre og Romsdal fylke
- RS 11/18 Vannscooter - muligheter kommunen har til å regulere/diskriminere.
- RS 12/18 Fartsavgrensingar til sjøs og ansvar for desse

### **Delegerte saker frå avdelingane**

- DS 187/18 Nils P Nilsen gnr. 34 bnr. 7 Frådeling av regulert areal
- DS 188/18 Søknad om Seksjonering - 34/166 - løyve til seksjonering
- DS 189/18 Trond Håkonsholm 30/15 tiltak sjøkollektor for vassboren varme - løyve til tiltak
- DS 190/18 Leifmar Andreassen m.fl. 34/1 Deling grunneigedom - løyve til tiltak
- DS 191/18 Nerlandsøy Vasslag SA 4/147 tiltak vassbehandlingsanlegg - løyve til tiltak
- DS 192/18 Jonny Sande 16/54 Deling grunneigedom - løyve til tiltak
- DS 193/18 Arne Sætre 31/11 tiltak planlegging og opparbeiding nausttomtparsell - løyve til tiltak
- DS 194/18 Maria Antonett Fosnavåg 12/310 tiltak bustad - Løyve til tiltak
- DS 195/18 Anita og Per Ståle Fiskerstrand 62/53 - ferdigattest
- DS 196/18 Norhus Ørsta AS 23/48 Rammeløyve veg- og VA- anlegg
- DS 197/18 Alf Inge Leine - 25/4 - Frådeling
- DS 198/18 Mellombels bruksløyve - 7/4 m fl - hovudetg. sjøbuder
- DS 199/18 Andreas Klungsør 54/80 - deling av grunneigedom - Løyve til tiltak
- DS 200/18 Nils Roger Paulsen 36/109 Tiltak garasje - løyve til tiltak
- DS 201/18 Astrid Bøe 30/62 Deling av grunneigedom - løyve til tiltak
- DS 202/18 Herøy kommune 30/51 Frådeling av tilleggsareal til bustadtomt 30/77
- DS 203/18 Herøy kommune 26/163 Frådeling av tilleggsareal til 26/19
- DS 204/18 BT Utbygging AS - 59/80 Tiltak to-manns bustad - Igangsettingsløyve
- DS 205/18 Vegard Hide 4/303 tiltak garasje - ferdigattest
- DS 206/18 Myrtel og Per -Ove Kvalsund - 4/331 - Endring/ny koteplassing av bygg
- DS 207/18 Ferdigattest - 16/84

- DS 208/18 Asbjørn Myklebust - 37/384 - Frådeling
- DS 209/18 Ole Johnny Hjelmeseth 34/103  
Rammeløyve oppdeling av bustad
- DS 210/18 Fredrik S. Fredriksen 23/15 - ferdigattest
- DS 211/18 Mariann Skorpen Berge 27/69 Tilbygg/bod  
på garasjetak -løyve til tiltak
- DS 212/18 Oddvar Torvik gnr. 17 bnr. 4 - Frådeling av  
to bustadtomter
- DS 213/18 Bjørn Christiansen 56/79 - mellombels  
bruksløyve
- DS 214/18 Herøy Byggsenter AS Gnr . 30 bnr. 105  
Frådeling av 3 tilleggsareal til eksisterande  
bustadtomter
- DS 215/18 Prosjektbygg AS 33/51 -  
Igangsettingsløyve for råbygg  
betongelement/stål og taktekking
- DS 216/18 Marine Harvest AS 38/8 tiltak tilbygg til  
anlegg - Ferdigattest
- DS 217/18 Balsevicius Konstantinus 8/29 Riving -  
løyve til tiltak
- DS 218/18 Mørebygg AS 4/288 B1-A Rammeløyve 2-  
mannsbustad - Ferdigattest
- DS 219/18 Steffen Moltu 80/14 tiltak garasje og  
terrasse -igangsettingsløyve
- DS 220/18 Knut Ove Aspevik - 50/4 - Frådeling
- DS 221/18 Ugnius Varnauskas - 12/309 - Terrasse
- DS 222/18 Herøy kommune 45/47 45/71 -  
Ferdigattest
- DS 223/18 Ferdigattest altan - 16/58

**PS 46/18 Godkjenning av innkalling og sakliste**

**PS 47/18 Protokoll frå førre møte.**

**PS 48/18 Delegererte saker**

**PS 49/18 Referatsaker**



Utviklingsavdelinga

## SAKSFRAMLEGG

---

Sakshandsamar:	EFLÅ	Arkivsaknr:	2016/872
		Arkiv:	44/20

---

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
50/18	Maritim og teknisk komite	10.09.2018

### **RONNY DJUPVIK - 44/20 - SØKNAD OM DISPENSASJON FRÅ KOMMUNEPLANEN MED SIKTE PÅ FRÅDELING AV TILLEGGSAREAL TIL 44/68**

#### **Tilråding:**

Maritim og teknisk komite gir ikkje løyve til frådeling, jmf. Jordlova § 12, ut frå omsynet til vern av arealressursane i LNF området.

Avslaget er grunngjeve med at det ikkje er behov for bustadtomt med storleik på 3400m<sup>2</sup> og det vil gi dårleg arealressursutnytting i LNF-området.

*Ein gjer merksam på at dette vedtaket kan klagast til Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Fylkeshuset, 6404 Molde. Mogleg klage må vere skriftleg og grunngjeven og den skal stilast til Fylkesmannen, men sendast til Herøy kommune, Postboks 274, 6099 Fosnavåg. Klagefristen er på 3 –tre- veker frå den dag melding om vedtaket har kome fram til den som har klagerett, jfr. Plan- og bygningslova § 1-9 og Forvaltningslova §§ 28 og 29.*

Særutskrift:

Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Fylkeshuset, 6404 Molde  
Møre og Romsdal Fylkeskommune, Fylkeshuset, 6404 Molde  
Landbrukskontoret, dragsundvegen 6, 6080 Gurskøy  
Ronny Djupvik, djupvikvegen 44, 6080 Gurskøy  
Stein Johan Djupvik, djupvikvegen 16, 6080 Gurskøy

## **Vedlegg:**

- 1 01 - søknad om dispensasjon
- 2 02 - kartvedlegg
- 3 03 - Høringsuttalar

## **Samandrag av saka:**

Søknaden var innsendt til Herøy kommune i juni 2016. Saka var på høring og det kom uttale frå regionale mynde til saka. I påvente av eventuelle endringar i jordlova vart saka lagt på vent. 07.05.2018 kom det ønske frå tiltakshavar, Stein Johan Djupvik, om at han ville ha saka opp til politisk handsaming

Tilleggsarealet gjekk frå 7 dekar til no om lag 2 dekar. Søkar har tilpassa tomtegrensene i forhold til dei først uttalane frå regionale mynde. I epost inn til Herøy kommune, datert 07.05.2018, ber tiltakshavar om at saka vert gjenopptatt og politisk handsama.

## **Saksopplysningar:**

Saka gjeld frådeling av tilleggsareal frå gnr 44, bnr 20 til gnr 44, bnr 68. Planstatus for området er LNF i gjeldande kommuneplan. Det vert søkt dispensasjon til frådeling av dette arealet. Det kjem ikkje fram nokon planar for bygging på arealet. Føremålet med frådelinga er å ta over eigarskapet til arealet og på den måten lettare kunne halde ned vegetasjonen og stelle området, slik at det ikkje gror att og hindrar sol/utsikt på 44/68 sin eigedom.

Tiltaket er nabovarsla – det ligg ikkje føre merknader frå naboar/gjenbuarar i saka.

Saka har vore på høyring til regionale instansar og følgjande uttalar ligg føre. Ein gjengir hovudkonklusjonane til høyringspartane, fullstendige uttalar ligg som vedlegg til saka. Uttalane er frå 2016, men Herøy kommune har tatt kontakt med Fylkesmannen for å høre om dei ville uttale seg på nytt i saka. Det ville dei ikkje - dei svarte at dei har gitt dei uttale dei har behov for i denne saka. Landbruksmynde har kome med ny uttale og samtidig vore på synfaring på staden.

## **Fylkesmannen i Møre og Romsdal:**

Fylkesmannen sine merknader går på vern av friluftsinnteresser i området og arealutnytting.

## **Møre og Romsdal Fylkeskommune:**

Har ingen vesentlege merknader til frådelinga, men skal det byggast på arealet vil dette krevje ny dispensasjon. Stiller også spørsmål om blomsterbed, plen og hage er i samsvar med LNF- føremålet.

## **Landbruksmynde:**

Det er ikkje landbruksdrift på 44/20. Når det skal delast frå areal frå ein eigedom må ein sjå om delinga tek omsyn til vern av arealressursane. Å dele frå eit tilleggsareal

til 44/68 , slik at tomte vert 3,4 dekar stor, kan det ikkje vere behov for. Vern om arealressursane må vege tungt og ein rår ifrå at det vert gitt løyve til frådelling.

### **Vurdering og konklusjon:**

Tomta som vert søkt frådelt ligg ved ein åsrygg sør for Djupvikvatnet i Herøy kommune. Arealet er avsett til LNF i kommuneplanen. Det er eigar av gnr 44, bnr 20, Ronny Djupvik som søker om frådellinga på vegna av eigar av gnr 44, bnr 68, Stein Johan Djupvik.

Tiltaket er avhengig av dispensasjon både frå arealformålet i kommuneplanen, jfr. PBL §§ 19-2 og i tillegg krev tiltaket handsaming etter jordlova § 12, frådelling etter jordlova.

Det omsøkte arealet ligg nær ein mykje brukt tursti. Søkar har tilpassa tomtestorleiken og avstanden til turstien slik at bytelinja mot nord er lik med naboeigedomen, jf kartvedlegg datert 17.09.2015. Åsryggen vert då i mindre grad privatisert. Når det vert søkt om dispensasjon frå forhold som, føremål i kommuneplan og jordlova så må ein i dispensasjonsvurderinga sjå om ein dispensasjon vil tilsidesette dei omsyn som kommuneplanen er meint å ivareta eller om formålsbestemmelsen i lova vert tilsidesett. Vidare må fordelane ved å gi dispensasjon vere vurdert som større enn ulempene. Dispensasjon er avhengig av både jordlova og plan og bygningslova.

Etter ei totalvurdering og med basis i kommuneplan og innkomne høyringsuttalar frå landbruksmynde vurderer ein at ein dispensasjon som omsøkt vil tilsidesette både omsyna til bestemmelsen det vert dispensert frå og omsyna til lova sitt formål. Med bakgrunn i jordlova §12 vert arealet her ikkje utnytta på ein slik måte som bestemmelsen er meint å ivareta. Arealressursane i LNF området vert sett til side. Det er såleis etter rådmannen si vurdering ikkje grunnlag for å tilrå dispensasjon.

#### Konsekvensar for folkehelse:

Ingen vesentlege konsekvensar

#### Konsekvensar for beredskap:

Ingen vesentlege konsekvensar

#### Konsekvensar for drift:

Ingen vesentlege konsekvensar

Fosnavåg, 25.06.2018

Olaus-Jon Kopperstad  
Rådmann

Jarl Martin Møller  
Avd.leiar

Sakshandsamar: Eivind Flåskjer



# Søknad om dispensasjon

Søknaden skal sendast til:  
Herøy kommune  
Utviklingsavdelinga  
Postboks 274  
6099 Fosnavåg

Saksnr. i kommunen:

Motteke:

Søknad om dispensasjon frå plan- og bygningslova (pbl).

Søknad om dispensasjon frå føresegn, forskrift eller plan vedteken med heimel i lova, jfr pbl. § 19

Eigedom:

Gnr.

44

Bnr.

20

Festenr.

Kort omtale av tiltaket:

Tilleggsareal lik bruk 44-68 for at eier lettere skal kunne holde nede vegetasjonen og kunne opparbeide grunnen slik at området fremstår mer presentabelt

Det vert søkt om dispensasjon frå følgjande regel/føresegn:

Grunngjeving:

Se vedlegg

Varsling av naboar/gjenbuvarar ..... vedlegg nr.:

Eventuelle teikningar, kart etc. .... vedlegg nr.:

Eventuelle uttaler frå andre offentlege styresmakter .... vedlegg nr.:

Namn | STEIN JOHAN DJUPVIK

Adresse | Djupvikveien 16

Postnr. | 6080

Postadr. | GURSKØY

Telefon | 90083224

Mobiltf. | 99263520

Dato: | 13.06.16

Signatur

Stein Djupvik

Skriv ut

## Vedlegg til Søknad om dispensasjon

### Grunngjeving:

Dette er et brattlent fjellområde som ikke er dyrkbart, med fjell opp i dagen og vegetasjonen bestående lyng og eine. Etter at sauer og storfe sluttet å beite fritt har ingen holdt vegetasjonen nede, noe som førte til at vegetasjonen vart så høg og tett at eiendom 44-68 mista sol og utsikt. De siste årene har eier av eiendom 44-68 utført en stor jobb med å fjernet det meste av den høge gran og bjørke vegetasjonen på eiendom 44-20 og 44-17. Vegetasjonen (krattskogen) kommer raskt tilbake noe som er grunnen til at eier av eiendom 44-68 ønsker å ta over eieransvaret for arealet som det søkes for, for deretter å opparbeide arealet for på den måten å kunne utføre vedlikeholdet på en enklere måte.

2016/872




Utskrift fra Norkart AS kartklient

Dato: 25.05.2018

Målestokk: 1:10000

Koordinatsystem: UTM 32N







44/20



Dato: 30.05.2018


Målestokk: 1:5000

Koordinatsystem: UTM 32N



© 2018 Norkart AS/Geovekst og kommunene/NASA, Meti © Mapbox © OpenStreetMap





Kartopplysningar som kreves ved omsetning av  
jordomar, skal bestillast skriftleg hjå  
kommunen. Kommunen står ellers ikkje ansvarleg  
for feil i kartet.



Herøy kommune  
Postboks 274  
6099 FOSNAVÅG

Reg.nr. 2016/918	Saksbeh.
30 SEPT. 2016	
Ark.kode P	
Ark.kode S	
J.nr.	Dok.nr.
Kassasjon	

**Herøy kommune**  
**Frådeling av tilleggsareal frå gnr44 bnr20 - Ronny Djupvik**  
**Dispensasjon frå kommuneplan - oversending for ny uttale**

Fylkesmannen har ut frå sine ansvarsområde følgjande merknader:

**Generelt**

Saka har vore på høyring tidlegare, men då var omsøkt areal større.

**Natur- og miljøverninteresser**

Som vi peika på i vårt høyringssvar av 30.08.2016, går det ein mykje brukt tursti nær omsøkte areal, sjølv om ny søknad gir noko større avstand til den enn det som var tilfellet ved førre søknad. Vi rår til at bytelinja mot nord ikkje endrast, slik at ein unngår å privatisere dette mykje brukte turområdet som denne åsryggen representerer. Det er ikkje så mange tilsvarande tørre åsryggar å ferdast på i Myrvåg, så kommunen bør prioritere friluftssinteressene høgt i dette området.

Elles vil søknaden framleis medføre ei temmeleg stor bustadtomt, noko som gir dårleg arealutnytting.

Med helsing

Jon Ivar Eikeland (e.f.)  
fagsjef - plansamordning

Kari Bjørnøy  
seniorrådgivar

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.*

**Kopi:**

Møre og Romsdal fylkeskommune, Fylkeshuset, 6404 Molde

Fra: Arkiv Herøy[arkiv@heroy.kommune.no]

Sendt: 07.09.2016 10:19:37

Til: Brit Berge[Brit.Berge@heroy.kommune.no]

Tittel: VS: Herøy kommune - ny uttale - frådeling av tilleggsareal gbnr 44/20 - Ronny Djupvik - dispensasjon frå kommuneplan

---

**Fra:** johnny.loen@mrfylke.no [mailto:johnny.loen@mrfylke.no]

**Sendt:** 6. september 2016 14:01

**Til:** postmottak

**Emne:** Herøy kommune - ny uttale - frådeling av tilleggsareal gbnr 44/20 - Ronny Djupvik - dispensasjon frå kommuneplan

Som nemnt i vår oversending 14 juli 2016, har vi ikkje merknader til frådelinga, men bygging vil krevje ny dispensasjon. Ein bør vel også diskutere i kva grad etablering av blomsterbed og plen (hage) er i samsvar med LNF-føremålet, men dette er opplyst tiltak som allereie er gjennomført.

Møre og Romsdal fylkeskommune

Johnny Loen

Plansamordnar

71 25 82 88



## NOTAT

Til: Utviklingsavdelinga

Frå: Avdeling landbruk

Saksnr  
2016/872

Arkivkode  
44/20

Dato  
22.06.2018

---

### LANDBRUKSFAGLEG UTTALE TIL SØKNADEN FRÅ RONNY DJUPVIK OM FRÅDELING AV TILLEGGSAREAL TIL 44/20

Ronny Djupvik har søkt om få dele frå vel 2 dekar frå 44/20 som tilleggsareal til bustadtomta på 44/68. Eigedomen ligg i LNF-området i kommuneplanen. Søknaden må ha løyve til deling etter jordlova §12.

Søknaden vart sendt til Herøy kommune i juni 2016. I utgangspunktet var det søkt om å dele frå 7 dekar, men arealet vart justert ned til 2 dekar med innlevering av nytt kart. I påvente av eventuelle endringar i jordlova vart saka lagt til side. Søkjarane har teke ny kontakt og laga eit alternativt framlegg til delingsareal, framleis på 2 dekar. Stein Johan Djupvik eigar av 44/68, Eivind Flåskjer frå Herøy kommune og underteikna var på synfaring den 30. mai i år. Djupvik presiserte at det var alternativet på kartet datert 17.09.2015 som han ynskte sterkast. Men med det nye framlegget til avgrensing håpte han det ville vere enklare å få løyve.

#### Saksopplysningar:

Eigedomsgrensene på 44/20 kjem ikkje klart fram av dei digitale karta. Vi har nytta areala frå ei delingssak frå 1993. Eigedomen har følgjande areal: Samla areal på innmark er 4,2 dekar der 2,7 dekar er fulldyrka jord og 1,5 dekar er overflatedyrka. Anna areal utgjer 15 dekar. Totalt areal på eigedomen er 19,2 dekar.

#### Utdrag av § 12 i jordlova – deling.

*Ved avgjerd av om samtykke til deling skal givast, skal det leggjast vekt på om delinga legg til rette for ein tenleg og variert bruksstruktur i landbruket. I vurderinga inngår mellom anna omsynet til vern av arealressursane, om delinga fører til ei driftsmessig god løysing, og om delinga kan føre til drifts- eller miljømessige ulemper for landbruket i området. Det kan leggjast vekt på andre omsyn dersom dei fell inn under formålet i jordlova.*



Vurdering og konklusjon:

Ronny Djupvik søker om å dele frå vel 2 dekar frå eignedomen 44/20. Areal skal vere tilleggsareal til bustadtomta til Stein Johan Djupvik på 44/68. Det går fram av søknaden at eigaren av bustadtomta skal halde arealet ved like slik at det ikkje gror att og skjermar for sol og utsikt.

Det er ikkje landbruksdrift på 44/20. Arealet det er søkt om å dele frå er jorddekt fastmark. Ved vurdering av løyve til deling må ein mellom anna sjå på om delinga tek omsyn til vern av arealressursane.

Tomtearealet på 44/68 er på 1,4 dekar og det er etter vår vurdering ikkje behov for å utvide tomte med ytterlegare 2 dekar. Vi meiner at vern om arealressursane må vege tungt i denne saka, og vi rår frå at det vert gitt løyve til delinga.

I 1994 vart det delt frå eit tilleggsareal på om lag 2 dekar frå 44/20. Arealet vart lagt til bustadtomta på 44/72. Det går fram av saksutgreiinga at arealet mellom anna skulle nyttast til å byggje garasje. Vi meiner at denne delinga ikkje skaper presedens for søknaden som vert handsama her. Den gongen var hensikta med delinga at kjøparen mellom anna skulle få bygge garasje. I søknaden no er det ikkje tale om å dele frå areal til påbygging eller nybygging.

Framlegg til vedtak etter jordlova:

Maritim og teknisk komite gir ikkje løyve til frådeling, jmf. Jordlova § 12, ut frå omsynet til vern av arealressursane i LNF området.

Med helsing

Anne Kathrine Løberg

Vedlegg: Kart frå delingssøknaden datert 17.09.2015



Utviklingsavdelinga

## SAKSFRAMLEGG

---

Sakshandsamar:	OMR	Arkivsaknr:	2018/846
		Arkiv:	40/57

---

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
51/18	Maritim og teknisk komite	10.09.2018

### JEKTA ANNA OLAVA 40/57 TILTAK NAUST - DISPENSASJON

#### Tilråding:

1. Maritim og teknisk komité (MTK) vedtek at det med heimel i plan- og bygningslova (pbl) § 19-2 vert gjeve dispensasjon frå plan- og bygningslova (pbl) § 1-8 – forbod mot tiltak mv. langs sjø og vassdrag og føresegn i kommuneplan i høve tradisjonell utforming av naust for oppføring av naust med tilleggsdel for lagring av Sunnmørsjekta Anna Olava ved Herøy gard som omsøkt i søknad om dispensasjon datert 22.06.2018.
2. Maritim og teknisk komité (MTK) vedtek at det med heimel i plan- og bygningslova (pbl) § 19-2 vert gjeve dispensasjon frå plan- og bygningslova (pbl) § 1-8 – forbod mot tiltak mv. langs sjø og vassdrag for oppføring av naust på gnr. 40 bnr. 9 som omsøkt i søknad om dispensasjon datert 22.06.2018.

*Ein gjer merksam på at dette vedtaket kan klagast til Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Fylkeshuset, 6404 Molde. Mogleg klage må vere skriftleg og grunngjeven og den skal stilast til Fylkesmannen, men sendast til Herøy kommune, Postboks 274, 6099 Fosnavåg. Klagefristen er på 3 –tre- veker frå den dag melding om vedtaket har kome fram til den som har klagerett, jfr. Plan- og bygningslova § 1-9 og Forvaltningslova §§ 28 og 29.*

Særutskrift:  
Herøy kommune utviklingsavdelinga

**Vedlegg:**

- 1 Jekta Anna Olava 40/57 Tiltak naust - søknad om dispensasjon
- 2 Naust på Kirkholmen - vedlegg til søknad del 2
- 3 Jektenaustet Power Point - vedlegg til søknad del 1
- 4 Illustrasjoner Jektenaustet med situasjonsplan perspektiv plan og snitt - vedlegg til søknad del 1
- 5 Ortofoto
- 6 Oversiktskart

**Samandrag av saka:**

Saka gjeld søknad om dispensasjon frå plan- og bygningslova (pbl) paragraf 1-8 (Byggjeforbod i 100- metersbeltet i strandsona) i høve oppføring av naust til Sunnmørsjekta Anna Olava ved kystmuseet på Herøy gard, samt bygging av eit privat naust i same område.

Vanylven kommune er bedt om å skrive saksframlegg til denne saka då sakshandsamar i Herøy er ugild i denne saka.

Herøy kommune er tiltakshavar for prosjektet som omhandlar jektnaustet, fylling for parkeringsplass og andre tilpasningar i sambandet mellom desse. Det har blitt søkt om dispensasjon for eigedomen gnr. 40 bnr. 57. med jektnaustet, samt for eit privat naust med sin tilkomst. Dette omhandlar eigedom med gnr. 40 bnr. 9. rett i nærleiken av jektnaust og parkeringsplass.

Området tiltaka omhandlar er i kommuneplanen satt av til offentlig eller privat tenesteyting.

Søknaden om dispensasjon gjeld for følgjande:

- Plan- og bygningslova § 1-8 – forbod mot tiltak m.v langs sjø og vassdrag.
- Føresegna i kommuneplan i høve tradisjonell utforming av naust.

**Saksopplysningar:**

I saksutgreinga for søknad om dispensasjon, som Herøy kommune har sendt til Møre og Romsdal fylke og Fylkesmannen i Møre og Romsdal for uttale, står som fyljer:

*«Naustet: Det er eit sterkt ønske om å føre opp eit naust som jekta kan lagrast i når den ikkje er i bruk. Jekta er eit viktig element i kulturhistoria og i den samanheng har det vore tenkt litt større og det er ønske om å inkludere eit infosenter på ca. 40 m<sup>2</sup> i naustet. Naustet vil i all hovudsak få ein tradisjonell stil med eit litt moderne preg på deler, viser her til vedlagte skisse/presentasjon.*

*Naustet er tenkt brukt til ulike føremål, hovuddelen av naustet vil bli brukt til lagring av jekta og nødvendig vedlikehald av denne. Tilleggsdelen av naustet er tenkt som eit opent rom med store opningar/glassfelt inn til naustet slik at grupper med studentar, turister ol. som besøker kystmuseet kan kome inn her å sjå og lære om jekta.*

*Det er tenkt gjennomgåande glassfelt som er strategisk plassert med tanke på innsyn til jekta frå ulike stader på Herøy gard, på denne måten vil vi få vist fram jekta på ein heilt ny måte. Det er også tenkt glassfelt i tak på naust slik at ein vil få inn naturleg lys på jekta. Sjå vedlagte skisser/illustrasjoner.*

*Golv i naustdelen vil mest sannsynlig bli av eksisterande masser, da dette er beste for bevaring av jekta (tre treng fukt). Golv i infosenter vil av praktiske årsaker måtte bli eit fast dekke, dette med tanke på universell utforming/reinhold ol.*

*Det er tenkte ein slipp til naustet, her har SA tenkt å bruke eksisterande grunn utan noko særlige inngrep, der eventuelle konstruksjonar for opptrekk av jekta blir lagt naturleg opp på eksisterande sand/grus.*


*Utfyllinga: I samband med naustet er det også ønske om å fylle ut og planere eit areal ved parkeringsplassen for å utvide parkeringskapasiteten i området, parkeringskapasitet har i lang tid vore ei utfordring for kystmuseet og Herøy gard. Ved arrangement er det behov for å få busser til området og dette gir store utfordringar med begrensa parkering og snuplass for bussar. Dersom parkering kan utvidast vil dette lette ein del på utfordringane ved arrangement på Herøy gard. Så vi ser det som naturleg at utviding av parkeringsplass gjerast i forbindelse med dette prosjektet.*

*Parkeringsplassen vil inkludere ein kaifront mot valen, her er det også ønske om å legge ut ei flytebrygge som kan brukast til jekta og vil bli attraktiv for ulike friluftaktivitetar som er i området. Langs kaifronten er tanken å integrere eit området for møblering i form av benker og bord ol. Frå parkering vil det bli trinnlaus tilkomst til naust og området rundt som vil bygge opp under universell utforming.*

*Dette vil også gjere det mogleg å kome til jekta med kran som er nødvendig for rigging og nedrigging av jekta før og etter lagring, dette vil gjære det betydeig enklare å ta vare på jekta i framtida.»*

Vidare i utredninga er det lagt vekt på at tiltaket er tenkt plassert i samråd med grunneigarane rundt. Staden naustet er tenkt plassert, er i dag eigd av Herøy kommune. Området der naustet er ønska plassert er satt av til offentlige eller private tenesteytingar. Naustet blir eit offentlig anlegg som blir universelt utforma og lagt til rette for rekreasjon og friluftsliv.

For det private naustet er utgreiinga slik: For gnr. 40 bnr. 9 er det tidligare gitt dispensasjon for oppføring av naust. Naustet som tidlegare er godkjent er plassert på ein plass som er ugunstig for fullgod bruk. Etter synfaringar i 2006/07 vart ein (fylket, HK adm og søkjar) samde om å tilrå bygging av naust på dagens omsøkte plassering (blå sirkel). Denne plasseringa vart ikkje akseptert i Fast utval for plansaker (FPL) og utvalet av slo saka. Etter synfaring i FPL vart det tilrådd å plassere framtidig naust på motsatt side vegen (rød sirkel):



Utfordringa med denne plasseringa er at det ikkje vil vere tilflot til naustet ved fjøre sjø. Det var då vurdert som tenleg for partane å finne ei ny lokalisering. Dette naustet ynskjer man at sjåast i samanheng med Jektnaustet, då grunneigar ynskjer å opparbeide området og tomte på same tid og med same entreprenør. Dette for å unngå for store inngrep i naturen og for å få til ei mest mogleg skånsom terrengbearbeiding for tiltaket. Med omsyn til vegtilkomst vert denne opparbeid så «smal» som mulig og med «murt» front. I første rekkje tenkjer ein seg gangtilkomst frå søkjar si side. Utforminga av naustet ligg ved som skisser frå tiltakshavar og er godt tilpassa byggeskikken på eksisterande eigedom som tiltakshavar eig.

#### **Vurdering og konklusjon:**

Svaret frå Møre og Romsdal fylkeskommune er forholdsvis positivt for jektnaustet, men at det vert gjort noko endring med utfyllinga og parkeringsplassen. For det private naustet vert det vist til manglande visuelle teikningar som viser meir plassering i terrenget. Å at dette vil passe mindre bra inn mellom jektnaustet og Herøy kystmuseum.

Dette heng også Fylkesmannen i Møre og Romsdal seg på, samt legg til spørsmål om her er gjort vurderingar i forhold til tryggleik og beredskap. Gjennom ei ev. risiko- og sårbarheitsanalyse. Samt tatt hensyn til paragrafar jf. plan- og bygningsloven § 28-1 og §19-2,3. ledd. og teknisk forskrift (TEK17) sine krav mot stormflod. Dei viser her til DSB sin rettleiar og havnivåstigning og stormflo.

Kommunen har vurdert tiltaket i forhold til naturmangfaldlova § 8 til 12, og kan ut frå ei samla vurdering ikkje sjå at tiltaket vil kome i konflikt med denne. Vi har vurdert tiltaket og meiner kunnskapsgrunnlaget er tilstrekkeleg og står i rimeleg forhold til sakens karakter. Det kan ikkje seiast å føreligge risiko for skade på naturmangfaldet, og det kjem ikkje fram opplysningar i diverse databaser som tilseier at det er spesielle omsyn som må takast vare på. Tiltaket vil ikkje føre til auka belastning på økosystemet, og §11, kostnadar ved eventuell miljøforureining, skal berast av tiltakshavar. § 12, miljøforsvarlege teknikar og driftsmetodar bli teke i vare. Ut frå ovannemnde og at dette er utmarksparsellar, og at dette vil gje ein arronderingsmessig god løysing, gjev Herøy kommune løyve som omsøkt.


Vanylven kommune, 03.09.2018

Fosnavåg, 03.09.2018

Olaus-Jon Kopperstad  
Rådmann

Jarl Martin Møller  
Avd.leiar

Sakshandsamar: Kim Andre Ekremsæter



«MOTTAKERNAVN»  
«KONTAKT»  
«ADRESSE»  
«POST «POSTSTED»  
»

Saksnr 2018/846	Arkiv 40/57	Dykkar ref «REF»	Avd /sakshandsamar UTV / FRASTE	Dato 22.06.2018
--------------------	----------------	---------------------	------------------------------------	--------------------

## JEKTA ANNA OLAVA 40/57 TILTAK NAUST - SØKNAD OM DISPENSASJON

**Søknad om dispensasjon frå plan- og bygningslova (pbl) paragraf 1-8 (Byggjeforbod i 100- metersbeltet i strandsona) i høve oppføring av naust til Sunnmørsjekta Anna Olava ved kystmuseet på Herøy gard**



Herøy kommune søker om dispensasjon for tiltak som vist til i overskrifta og slik det går fram av vedlagte teikningar og situasjonsplan for eigedomen gnr. 40 bnr. 57. Området er i kommuneplanen satt av til offentlig eller privat tenesteyting. Vi søker om dispensasjon frå følgande:

- Plan- og bygningslova § 1-8 – forbod mot tiltak m.v langs sjø og vassdrag.
- Føresegna i kommuneplan i høve tradisjonell utforming av naust.



Følgande tiltak søkast det dispensasjon for:

Søknad del 1:

- Utfylling og planering av meir parkeringsplasser som vist på vedlagte skisse.
- Bygging av naust for Sunnmørsjekta som vist på vedlagte teikning .
- Tilpassingar av terreng og området rundt naust for universell utforming.

Søknad del 2:

- Planering av vegtilkomst til naust på gnr. 40 bnr. 9.
  - Bygging av naust på gnr. 40 bnr. 9 (Henning Kirkholm)
-



## Søknad del 1: Jektenaustet.

### Litt om prosjektet:

#### Kystmuseet:

Kystmuseet ved Herøy gard er ein historisk stad og populær stad for rekreasjon for lokalbefolkning og turister, det er også base for bla. Sunnmørsjekta Anna Olava. Etter ei lengre periode der av ulike årsaker Anna Olava blei liggande på land til forfalls har ho dei siste åra vore totalrenovert av ei dugnadsgruppe.

Jekta Anna Olava er ein sjeldan skatt som vi i Herøy kommune og kystmuseet ser som særdeles viktig å ta vare på.




Ortofoto: Rødt viser plassering av nytt naust, blått viser kystmuseet.

## Arkitekten:

Sportstø arkitektar (SA) er involvert med planlegging og tilpassingar i høve prosjektet. SA har hatt stort fokus på å tilpasse prosjektet til terrenget og omgjevnader slik at det skal være behov for minimalt med terrengingrep. Naustet vil bli plassert i ei naturlig bukt i og ha naturlig tillflåt frå sjøen.



Kart: Naustet er tenkt oppført i ei naturlig bukt i terrenget/strandlinja, her visast også korleis utfylling er tenkt. Utfyllinga vil i all hovudsak bli på land, ein liten del av fyllinga i forkant vil være i sjø men dette er svært begrensa.





## Naustet:


Det er eit sterkt ønske om å føre opp eit naust som jekta kan lagrast i når den ikkje er i bruk. Jekta er eit viktig element i kulturhistoria og i den samanheng har det vore tenkt litt større og det er ønske om å inkludere eit infosenter på ca. 40 m<sup>2</sup> i naustet. Naustet vil i all hovudsak få ein tradisjonell stil med eit litt moderne preg på deler, viser her til vedlagte skisse/presentasjon.

Naustet er tenkt brukt til ulike føremål, hovuddelen av naustet vil bli brukt til lagring av jekta og nødvendig vedlikehald av denne. Tilleggsdelen av naustet er tenkt som eit open rom med store opningar/glasfelt inn til naustet slik at grupper med studentar, turister ol. som besøker kystmuseet kan kome inn her å sjå og lære om jekta.

Det er tenkt gjennomgåande glassfelt som er strategisk plassert med tanke på innsyn til jekta frå ulike stader på Herøy gard, på denne måten vil vi få vist fram jekta på ein heilt ny måte. Det er også tenkt glassfelt i tak på naust slik at ein vil få inn naturleg lys på jekta. Sjå vedlagte skisser/illustrasjoner.

Golv i naustdelen vil mest sannsynlig bli av eksisterande masser, da dette er beste for bevaring av jekta (tre treng fukt). Golv i infosenter vil av praktiske årsaker måtte bli eit fast dekke, dette med tanke på universell utforming/reinhold ol.

Det er tenkte ein slipp til naustet, her har SA tenkt å bruke eksisterande grunn utan noko særlige inngrep, der eventuelle konstruksjonar for opptrekk av jekta blir lagt naturleg opp på eksisterande sand/grus.



**Planskisse: viser innhald i naustet. WC vil bli tilgjengelig utanom åpningstider for naustet og vil være universell utforma.**

## Utfylling:

I samband med naustet er det også ønske om å fylle ut og planere eit areal ved parkeringsplassen for å utvide parkeringskapasiteten i området, parkeringskapasitet har i lang tid vore ei utfordring for kystmuseet og Herøy gard. Ved arrangement er det behov for å få busser til området og dette gir store utfordringar med begrensa parkering og snuplass for bussar. Dersom parkering kan utvidast vil dette lette ein del på utfordringane ved arrangement på Herøy gard. Så vi ser det som naturleg at utviding av parkeringsplass gjerast i forbindelse med dette prosjektet.

Parkeringsplassen vil inkludere ein kaifront mot valen, her er det også ønske om å legge ut ei flytebrygge som kan brukast til jekta og vil bli attraktiv for ulike friluftaktivitetar som er i området. Langs kaifronten er tanken å integrere eit området for møblering i form av benker og bord ol. Frå parkering vil det bli trinnlaus tilkomst til naust og området rundt som vil bygge opp under universell utforming.

Dette vil også gjere det mogleg å kome til jekta med kran som er nødvendig for rigging og nedrigging av jekta før og etter lagring, dette vil gjære det betydeig enklare å ta vare på jekta i framtida.




Illustrasjon viser korleis naustet ligg i terrenget og korleis området med kai og parkering er tenkt

## Friluftsområde:

Området er i dag eit attraktivt område for rekreasjon og friluft, vi ønsker med dette prosjektet å legge til rette for enda enklare tilkomst til området. Prosjektet vil ha universell utforming som vil gi ein lettare tilkomst for alle grupper.

I forbindelse med naustet er det planlagt eit gjestetoalett som blir tilgjengelig og opent for alle som ferdast i området. Dette er i dag eit problem på Herøy gard med svært begrensa kapasitet på toalettfasilitetar og ingen tilgang til toalett når Herøy gard ikkje er opent.

SA har lagt vekt på å utforme området på ein måte som vil skape eit attraktivt opent felles område, her vil det leggest stor vekt på rekreasjon og friluft. Tiltaket vil gi minimale inngrep i naturen, der alle konstruksjonar som er tenkt vil bli lagt opp på berg og naturen på denne måten vil det være minimale inngrep i naturen dersom det ein gong skal bli fjerna.



Illustrasjon: viser korleis konstruksjonar er tenkt «å flyte oppå terreng» slik at inngrep blir redusert til minimum. Flytebrygge og kai vil også gjere området enda meir attraktivt for ulike friluftaktivitetar som området er kjent for.

Bilder:



Bilde: Jektenaust vil bli plassert i den naturlige kløfta som du ser på bilde, dette medfører at naustet føyer seg fint inn i naturen i området og minimalt med terrenginngrep er nødvendig.





Bilde: Det vil være naturlig tillflåt til naustet, utan inngrep i naturen må gjerast. Nokon steinar som ligg lause på sandbotnen må flyttast. Gul pil viser der naust skal plasserast. Grunnen inn mot naustet er tenkt bevart med stokkar/dragarar liggande oppå.



Kart: viser dagens situasjon. Pil viser plassering av naust. Gul strek viser ca. fylling og grøn strek viser ca. kaifront.

Grunneigarar i området:

Tiltaket er plassert i samråd med grunneigarar med tilstøytane eigendomar. Eigedomen naustet er tenkt plassert eigast i dag av Herøy kommune.

**Dispensasjon:**

Området der naustet er ønska plassert er satt av til offentlige eller private tenesteytingar. Naustet vil være eit offentlig anlegg som blir tilrettelagt for alle grupper. Naustet og området rundt vil bli universelt utforma og legge til rette for rekreasjon og friluftsliv.

Vi meiner at ein dispensasjon for dette tiltaket ikkje sette til side det planen er meint å ivareta, men heller bygge opp under det. I og med at inngrepa i strandsona/naturen vil bli minimale og området er tenkt tilrettelagt for allmennheita kan vi heller ikkje sjå at det skal være nokon bakdelar med prosjektet men heilt klart ein overvekt av fordelar.

For ein meir komplett presentasjon av prosjektet viser eg til vedlagte PowerPoint-presentasjon og pdf-dokument.

Vedlegg til søknad del 1: PowerPoint presentasjon og pdf- dokument

## Søknad del 2: Naust på gnr. 40 bnr. 9 - Kirkholm

På gnr. 40 bnr. 9 er det tidligere gitt dispensasjon for oppføring av naust. Naustet som tidligere er godkjent er plassert på ein plass som er ugunstig med omsyn til tilflot og krev vesentleg med terrengbearbeiding og inngrep for å fullgod bruk. Det vert derfor vurdert som tenleg for fleire partar å finne ei ny lokalisering.

Prosjekt må sjåast i samanheng med Jektenaustet då grunneigar ønskjer å opparbeide området og tomte på same tid og med same entreprenør. Dette for å unngå for store inngrep i naturen og for å få til ei mest mogleg skånsom terrengbearbeiding for tiltaket. Med omsyn til vegtilkomst vert denne opparbeid så «smal» som mulig og med «murt» front. I første rekkje tenkjer ein seg gangtilkomst frå søkjar si side.

Utforminga av naustet ligg ved som skisser frå tiltakshavar og er godt tilpassa byggeskikken på eksisterande eigedom som tiltakshavar eig. Kommunen har ingen innvendingar til estetikk og plassering av naustet og ser det som tenleg at området vert opparbeidd samla.



Kartutsnitt: tenkt plassering naust



Vedlegg til søknad del 2: Teikningar og skildring av naust.

**Ber om dokkar tilbakemelding innan 20.07.2018.**

Med helsing

Jarl Martin Møller  
Avdelingsleiar


Frank Robert Stenersen  
Sakshandsamar

***Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.***

---


## Naust på Kirkholmen

Lengd 800 cm  
Breidd 500 cm  
Port ca 300 X 210 cm. Her må jeg ha hjelp av "proffer" for endeleg port.  
Tak 43 gr. Som på hytta, garasja og husa på Herøy Gard.  
Dør Mot øst, 100 X 210 cm  
Vindu 100 X 50 som på hytta og garasja  
Takvinkel, vindustype, bordkledning og farge lik både på hytte, garasje og naust.





Øst



Vest

Tilkomst til naust.

Då kommuna ikkje anbefaler tilkomst til naust slik lova ved kjøp av parkeringsplass, sjå tidlegare korrospondanse, må den verte slik dei anbefaler: Nord om haugane.

Dette er også å anbefale for å skille mellom Kirkholmen og Jektenaustet / Herøy kystmuseum.



## Bru og naust


1 e-post

Jarl Martin Møller <jarl.martin.moller@heroy.kommune.no>  
Til: Henning Kirkholm <henning.kirkholm@gmail.com>  
Kopi: Eileen Gjerde <eileen.gjerde@heroy.kommune.no>

tir. 22. mai 2018 kl. 15.20

Trur nok ein må belage seg på ein ny veg: Blå linje kan vere ein aktuell trase, sirkel viser plassering naust (grovt)

Snakkast



Helsing

Jarl Martin Møller  
Kommunalsjef

Samfunnsutvikling



Dette er dagens bygningsmasse på Kirkholmen, hytte og garasje.  
Eit naust i same "stil" vil falle fint inn på Kirkholmen, som da vil stå som ei einheit.  
Dersom mitt naust og Jektenaustet vert bygd i same stil, kan mitt naust lett forvekslast som ein del av Herøy Kystmuseum, og det som derfor dette kan medføre.  
Bygningane rundt om, inkludert Jektenaustet og Herøy Gard, vil ha / har forskjellig byggestil.  
Eg har fått munge positive tilbakemeldingar pga bygg i "gamal stil".



Garasje



Hytte og garasje



Garasje vest

Mvh  
Henning Kirkholm

PROSJEKT

# JEKTENAUSTET

NAUST OG FORMIDLINGSROM  
I SAMBAND MED  
SUNNMØRSJEKTA "ANNA OLAVA"

## HERØY KYSTMUSEUM


STIFTINGA SUNNMØRE MUSEUM OG HERØY KOMMUNE



Konseptskisser, teikningar og 3D-illustrasjonar: Arkitekt MNAL Roald Sporstøl og Sporstøl Arkitekter AS  
Måleri med utgangspunkt i teikning av Hans Strøm



# Ei sunnmørsjekt, teikning av Hans Strøm



## Sunnmørsjekta

- Var ei av fleire jektetypar som trafikkerte kysten frå mellomalderen og fram mot år 1900. Lasta var gjerne sild, tørrfisk, tran, rogn, skinn, gråverk og andre varer som vart frakta inn til byane, særleg Bergen. Dei bytte med korn, vasskringler, kavring, salt, vin, brennevin, humle, hamp, ty og andre krambuvarer som trongst på sunnmørsbygdene. Men ferdene gjekk av og til endå lenger. Frå dei baltiske landa i aust til Storbritannia, Vesterhavsoyane og Island i vest, har jektene teke med varer og impulsar til vekst og velstand på Sunnmøre. Kopiar av Sunnmørsjekta finst ikkje før "Anna - Olava" vart bygd.



## Historia om bygging av « Anna Olava »


- Gamle jektebord og band vart funne på Håkonsholmen, ein gamal handelsstad i Ulstein kommune
- Båtforskar og båtbyggjar Saxe Bjørkedal målte opp borda og utførte det interessante arbeidet, som resulterte i ein rekonstruksjon (modell) og fullt teikningsgrunnlag, komplettert av professor dr. philos Arne Emil Christensen
- Herøy Kystmuseum fekk bygd ei jekt i full målestokk, vinteren 1999 / 2000. Denne er no stasjonert ved museet og har fått navnet "Anna Olava".
- Sunnmørsjekta er Herøy kommune sin eigedom.

# Sunnmørsjekta "Anna Olava" i heimehamn på Herøy gard





Målet er å bygge eit naust for "Anna Olava",  
slik at ho betre kan takast vare på.

Områdekartet viser tenkt plassering av nauset, ved Herøy gard.





# Konseptskisser av Jektenaustet, teikna av Arkitekt MNAL Roald Sporstøl



ILLUSTRASJON JEKTEAUST

Roald Sporstøl ARKITEKT MNAL


# Naustområdet med fin utsikt mot øyane og storhavet i vest



# Naustområdet, situasjonsplan i målestokk




# Planteikning av Jektenaustet med formidlingsrom







# Oppriss og snitteikningar av Jektenaustet



**Snitt B-B**  
1 : 100



**Snitt A-A**  
1 : 100



## Jektenaustet

- Det er tenkt at naustet skal ligge fint i terrenget, lunt plassert i bukta mellom knausane og med eit godt arkitektonisk uttrykk.
- Konstruksjon og materialbruk skal ha kontakt med den rette tidsperioda.
- Det er viktig at bygget blir funksjonelt for jekta, for lagring av utstyr og tilrettelagt for vedlikehald. Eige rom med vask for dugnadsgruppa. Toalett som også kan nyttast av besøkande i området.
- Atkomst og uteområde er viktig med tanke på rekreasjon og det faktum at naustet ligg i eit ettertrakta friluftsområde.
- Naustet blir utforma med eit eige formidlingsrom, til bruk både for skuleklassar og andre. Denne delen har direkte tilknytning til naustet, jekta og uteområdet. Formidlingsrommet kan også nyttast til utleige for ulike lag og grupper.

## Utforming av bygg og område

- Sporstøl Arkitekter AS har utarbeidd eit forprosjekt av Jektenaustet, i nært samarbeid med prosjektgruppa.
- Det er utarbeidd situasjonsplan, teikning av parkerings- og bryggeområde, samt atkomst til naustet.
  - Det er også utarbeidd teikningar i målestokk, med illustrerande og varierte 3D-teikningar.
- Ei funksjonell og heilskapeleg løysing som gjer heile området endå meir attraktivt .

# Forprosjektet




Sporstøl Arkitekter a.s



## Kveldsstemning på brygga




Familie på sykkelstur.  
Utsikt mot vest, parkeringsplass og brygge, austsida av naustet







# Jektenaustet sett frå sør



## Naustområdet sett frå vest




# Jektenaustet med slipp, sett frå sørvest





Besøkande ved nauset.  
Glasdør for innsyn og godt tilrettelagt for rekreasjon.



# Brygga kan bli verdfull for friluftsfolket






# Nordausstsida av Jektenaustet



## Grindkonstruksjon og gode lyseffektar



## Jekta sett frå formidlingsrommet



# Naust og formidlingsrom





# Arkitektens beskrivelse





# Situasjonsplan

- ❑ **PARKERING:** Utfylling av eksisterande parkeringsområde, for å få fleire parkeringsplassar. Innkøyring frå sør og med handikapparkering ved rampe/ atkomst til naustet.
- ❑ **SNUPLASS:** Parkeringsplass mot aust benyttast som snuplass for bussar.
- ❑ **BRYGGE:** I enden av parkeringsplassen mot vest er tenkt ei brygge med utlagt flytebrygge. Brygga har møbler i tre og betong, dei er festa til brygga, slik dei ikkje flyttar på seg i dårleg ver. Ein slepp då også vinterlagring, kun vårreingjering.
- ❑ **FLYTEBRYGGA:** Å ha ei flytebrygge vil vere ein fin plass for "Anna Olava" når det er behov. Ein fin stad for "båtfolket" å legge til, for fising eller studering av havbotn .
- ❑ **JEKTENAUSTET:** Det er enkel tilkomst til naustet frå parkeringsområdet. Rundt naustet er det godt tilrettelagt for besøkande. Både brygga og området ved slippen har trappetrinn ned til sjøkanten. På grunn fare for storflo er formidlingsrommet plassert på ei høgare kote.

# Plan

- **JEKTENAUSTET:** Bygninga består av formidlingsrom, handikaptoalett, utstysrom og naust for "AnnaOlava".
- **FORMIDLINGSROM:** Denne delen av bygget isolerast slik at installasjonar og eventuelle utstillingar er beskytta. Rommet har to foldedører inn mot naustet slik ein kan åpne opp og sjå jekta. Takvindu gir fint dagslys til dette rommet. Det er tenkt funksjonell belysning, som rombelysning og for eventuelle utstillingar.
- **UTSTYSROM:** Det er tillaga eit rom som er tilgjengeleg for dei som arbeider med vedlikehald av jekta. Rommet gir også lagringsmuligheit for nødvendig utstyr.
- **TOALETT:** Det er tenkt eit HWC som er tilgjengeleg frå utsida og kan også nyttast av turfolk i området.
- **NAUSTET:** Har grindkonstruksjon og torvtak. Deler av vindu mot nordaust har same form som nustdørene mot sydvest. Det er også eit vindu ved hovudinngangen, der besøkande kan sjå jekta når senteret er stengt. Naustet har foldedører med slå på innsida. På veggen mot nordvest er det lagt til rette for oppheng og lagring av rigg. I enden mot nordaust ligg ein messanin som er tilgjengeleg via leider. Her er det god plass for lagring av utstyr .

# Prosjektbudsjett for bygging av naust og utvikling av området


1. Stipulert totalkostnad:                      Kr. 5.600.000

2. Finansiering:



- \* Herøy kommune
- \* Møre og Romsdal Fylke
- \* Stiftinga Sunnmøre Museum
- \* Andre bidragsytarar








# SUNNMØRSJEKTA ANNA OLAVA





















REV	DATO	BESKRIVELSE
	12.06.2017	Prosjektstatus: Skisseprosjekt





REV	DATO	BESKRIVELSE
		Prosjektstatus:
		Skisseprosjekt

1724  
A601


JEKTENAUSTET

Perspektiv

16.03.2017

S P O R S T Ö L





Naüst Anna Olava  
126.3 m<sup>2</sup>

Infosenter "Anna Olava"  
40.6 m<sup>2</sup>

Bakrom  
4.5 m<sup>2</sup>

HWC  
5.6 m<sup>2</sup>

REV	DATO	BESKRIVELSE
Projekstatus:		Skisseprosjekt


1724  
A101

JEKTENAUSTET


Plan

12.06.2017  
1 : 100

S P O R S T Ö L



**Snitt B-B**  
1 : 100



**Snitt A-A**  
1 : 100

REV	DATO	BESKRIVELSE
		Prosjektstatus: Skisseprosjekt





# Herøy gard - ortofoto

Dato: 22.06.2018

Målestokk: 1:1500

Koordinatsystem: UTM 32N



© 2018 Norkart AS/Geovekst og kommunene/NASA, Meti © Mapbox © OpenStreetMap

*Tiltak naur 2 - kirkeholm*

*tiltak jekknaust og parkering*






# Herøy gard - oversiktskart

Dato: 22.06.2018

Målestokk: 1:1500

Koordinatsystem: UTM 32N



© 2018 Norkart AS/Geovekst og kommunene/NASA, Meti © Mapbox © OpenStreetMap

tiltak naust 2 - kirkeholm

tiltak jektnaust og parkering





Utviklingsavdelinga

## SAKSFRAMLEGG

---

Sakshandsamar:	FRASTE	Arkivsaknr:	2018/365
		Arkiv:	24/5

---

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
52/18	Maritim og teknisk komite	10.09.2018

### BORGAR NÆRØ 24/5 - FRÅDELING AV TILLEGGSAREAL

#### Tilråding:

Maritim og teknisk komité (MTK) gjev med heimel i plan- og bygningslova (pbl) § 19-2 dispensasjon frå plan- og bygningslova § 1-8 bygge og deleforbud langs sjø og vassdrag og reguleringsplankrav i arealdelen av kommuneplanen, med sikte på frådeling av tilleggsareal frå eigedom **gnr. 24 bnr. 5** til eigedom **gnr. 24 bnr. 16** som omsøkt i søknad om løyve til frådeling med vedlegg datert **01.05.2018**.

Følgande vilkår følger frådeling:

1. Eigedomsgrense mot sør-aust justerast i høve vedlagt kartskisse datert 30.08.2018 og det blir etablert eit friareal mellom eigedom og strandsone for å sikre allmenn ferdsel.

Særutskrift:

Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Fylkeshuset, 6404 Molde  
Møre og Romsdal Fylkeskommune, Fylkeshuset, 6404 Molde  
Borgar Nærø, Nærøyvalen 12, 6094 Leinøy  
Christer N. Torvik, Nærøyvalen 13, 6094 Leinøy


**Vedlegg:**

- 1 Målsatt kartskisse som omsøkt
- 2 Borgar Nærø 24/5 - Høyring frådeling tilleggsareal
- 3 Kart med kommuneplan
- 4 Ortofoto
- 5 Oversiktskart
- 6 Frådeling av areal gbnr 24/5 - Borgar Nærø - dispensasjon fra kommuneplan og pbl §1-8
- 7 Herøy kommune - frådeling av tilleggsareal gnr24 bnr5 - Borgar Nærø - dispensasjon frå kommuneplan og pbl §1-8
- 8 Frådeling av areal gbnr 24/5 - Borgar Nærø - dispensasjon fra kommuneplan og pbl §1-8
- 9 Kart med justert eigedomsgrense

## Samandrag av saka:


Det er søkt om å dele frå tilleggsareal til eksisterande eigedom gnr. 24 bnr. 16, frå gnr. 24 bnr. 5. Det er søkt om frådelling av 2 parsellar. Området er regulert av arealdelen av kommuneplanen og er satt av til bustad med krav om regulering.

Det er søkt om å dele frå areal heilt i strandsone og delvis ut i sjøen der det ligg nokre holmar, slik som vist her:



Kartskisse 1: viser ønska frådelling av parsell 1 og ønska eigedomsgrense mot sjø.

Herøy kommune vel og imøtekomme Fylkesmannen sin vurdering om at det bør være ein korridor for allmenn ferdsel langs strandsona og flyttar grensa mot sør-aust slik som vist her:



Kartskisse 2: Blå linje viser ny eigedomsgrense, areal mot sjø vert ikkje delt frå.





Kartskisse 3: Blått areal viser godkjent frådeling av parsell 1 av 2.



Kartskisse 4: viser areal for parsell nr. 2 av 2.

### Saksopplysningar:

Saka gjeld løyve til å dele frå 2 tilleggsareal frå eigedom med gnr. 24 bnr. 5 til eigedom med gnr. 24 bnr. 16, areal er på ca. 1066 m<sup>2</sup> og 300 m<sup>2</sup>.

Området er satt av til bustad med krav om regulering i gjeldande arealdel av kommuneplan og ligg innanfor strandsonevernet jf. Plan- og bygningslova (pbl) § 1-8. Ein søker dispensasjon frå plankravet og pbl § 1-8 for frådeling av tilleggsareal.

Søklar har opplyst at arealet som søkast delt frå er i dag brukt av eigedom gnr. 24 bnr. 16 som hageareal og garasje/parkering.

Tiltaket er nabovarsla og det ligg ikkje føre merknader frå naboar.

Saka har vore på høyring til regionale instansar, samandrag kan lesast her:

Fylkeskommunen:

Oppføring av støttemur vil bryte med regulert byggelinje og ligge i frisiktsona som er avsett på staden- dette vil kunne påverke sikta på staden og dermed også tryggleiken ved drifting og vedlikehald på vegane i området.

Fosnavåg, 03.08.2018

Olaus-Jon Kopperstad  
Rådmann

Jarl Martin Møller  
Avd.leiar

Sakshandsamar: Eivind Flåskjer

## Søknad om løyve til tiltak utan ansvarsrett

etter plan- og bygningslova (pbl) § 20-4 og SAK kap. 3

Opplysningar gitt i søknaden eller vedlegg til søknaden vil bli registrerte i matrikkelen.

Blir det søkt om dispensasjon frå plan- og bygningslova, forskrift eller arealplan?	<input type="checkbox"/> Ja	<input checked="" type="checkbox"/> Nei
Er det behov for løyve/samtykke/uttale frå anna myndigheit?	<input type="checkbox"/> Ja	<input checked="" type="checkbox"/> Nei
Dersom ja, er ikkje vilkåra oppfylte for 3 veker saksbehandling, jf. pbl § 21-7 tredje ledd		
Nabovarsling, jf. pbl 21-3, skal vere gjennomført før søknaden blir sendt til kommunen. (Blankett 5154, 5155, 5156).		
Ligg det føre merknader frå naboar eller gjenbuuarar?	<input type="checkbox"/> Ja	<input checked="" type="checkbox"/> Nei

Skal tiltaket prosjekterast og utførest i samsvar med TEK10, etter overgangsføresegna i TEK17 § 17-2?	<input type="checkbox"/> Ja	<input checked="" type="checkbox"/> Nei
---	-----------------------------	---

Søknaden gjeld							
Eigedom/ byggjestad	Gnr.	Bnr.	Festenr.	Seksjonsnr.	Bygningsnr.	Bustadnr.	Kommune
	29	276					Herøy
	Adresse				Postnr.	Poststad	
	Bendalsvegen 16B				6091	Fosnavåg	
Tiltaket si art	Mindre tiltak til bebygd eigedom, pbl § 20-4 og SAK kap. 3						
	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>		<input type="checkbox"/>		<input type="checkbox"/>	
	<input type="checkbox"/> Tilbygg < 50 m <sup>2</sup> <input type="checkbox"/> Frittliggjande bygning (ikkje bustadformål) < 70 m <sup>2</sup> <input type="checkbox"/> Skilt/reklame (SAK10 § 3-1 d)						
	<input type="checkbox"/> Driftsbygning i landbruket med samla bruksareal (BRA) mindre enn 1000 m <sup>2</sup> , jf. pbl § 20-4 bokstav b) og SAK10 § 3-2 <input type="checkbox"/> Mellombels bygning/konstruksjon/anlegg (som ikkje skal plasserast for lengre tidsrom enn 2 år) <input type="checkbox"/> Bruksendring frå tilleggsdel til hovuddel eller omvendt innanfor ein brukseining <input type="checkbox"/> Riving av tiltak som nemnt i SAK10 § 3-1						
	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
	<input type="checkbox"/> Oppretting/ending av matrikkeleining		<input type="checkbox"/> Grunn-eigedom	<input type="checkbox"/> Anleggs-eigedom	<input type="checkbox"/> Festegrund over 10 år	<input type="checkbox"/> Arealoverføring	
	<input checked="" type="checkbox"/> Anna:		Støttemur mot nabo og gangfelt, oppfylling innenfor støttemur.				
	Planlagt bruk/formål		Beskriv Hage/plen				

Arealdisponering							
Planstatus mv.	Set kryss for gjeldande plan						
	<input type="checkbox"/>	<input checked="" type="checkbox"/>		<input type="checkbox"/>		<input type="checkbox"/>	
	<input type="checkbox"/> Arealdel av kommuneplan <input checked="" type="checkbox"/> Reguleringsplan <input type="checkbox"/> Utbyggingsplan						
	Namn på plan						
Areal	BYA eksisterande	BYA nytt	Sum BYA	BRA eksisterande	BRA nytt	Sum BRA	Tomteareal
							844m <sup>2</sup>
Grad av utnytting	Vis berekning av grad av utnytting. Rettlegg finst på <a href="http://www.dibk.no">www.dibk.no</a> eller kontakt kommunen						
	Ikkje relevant, ingen endring i utnytting.						

Plassering								
Plassering av tiltaket	Kan høgspent kraftlinje vere i konflikt med tiltaket?						<input type="checkbox"/> Ja	<input checked="" type="checkbox"/> Nei
	Dersom ja, må avklaring med aktuell rettshavar vere dokumentert						Vedlegg nr. Q –	
	Kan vass- og avløpsleidningar vere i konflikt med tiltaket?						<input type="checkbox"/> Ja	<input checked="" type="checkbox"/> Nei
	Dersom ja, må avklaring med aktuell rettshavar vere dokumentert						Vedlegg nr. Q –	
Avstand	Minste avstand til nabogrense	0	m					
	Minste avstand til anna bygning	10,4	m					
	Minste avstand til midten av veg	6,5	m	Dette skal visast på situasjonsplanen				

Krav til byggjegrund (pbl § 28-1)	
<b>Flaum</b> (TEK17 § 7-2)	Skal byggverket plasserast i flaumutsett område? <input checked="" type="checkbox"/> Nei <input type="checkbox"/> Ja
<b>Skred</b> (TEK17 § 7-3)	Skal byggverket plasserast i skredutsett område? <input checked="" type="checkbox"/> Nei <input type="checkbox"/> Ja
<b>Andre natur- og miljøforhold</b> (pbl § 28-1)	Ligg det føre vesentleg ulempe som følgje av natur- og miljøforhold? <input checked="" type="checkbox"/> Nei <input type="checkbox"/> Ja Dersom ja, beskriv kompensierende tiltak i vedlegg

Tilknytning til veg og leidningsnett	
<b>Tilkomst</b> veglova §§ 40-43 pbl § 27-4	Gir tiltaket ny/endra tilkomst <input type="checkbox"/> Ja <input checked="" type="checkbox"/> Nei
	Tomta har tilkomst til følgjande veg som er opparbeidd og open for alminneleg ferdsel: <input type="checkbox"/> Riksveg/fylkesveg Er avkøyringsløyve gitt? <input type="checkbox"/> Ja <input type="checkbox"/> Nei <input checked="" type="checkbox"/> Kommunal veg Er avkøyringsløyve gitt? <input checked="" type="checkbox"/> Ja <input type="checkbox"/> Nei <input type="checkbox"/> Privat veg Er vegrett sikra ved tinglyst erklæring? <input type="checkbox"/> Ja <input type="checkbox"/> Nei
<b>Overvatn</b>	Takvatn/overvatn blir ført til: <input type="checkbox"/> Avløpssystem <input type="checkbox"/> Terreng

*Felta "Vassforsyning" og "Avløp" skal berre fyllast ut for driftsbygning i landbruket, mellombels tiltak eller oppretting av matrikkeleining.*

<b>Vassforsyning</b> pbl §§ 27-1, 27-3	Tilknytning i forhold til tomta <input type="checkbox"/> Offentleg vassverk <input type="checkbox"/> Privat vassverk* <input type="checkbox"/> Anna privat vassforsyning, innlagt vatn* <input type="checkbox"/> Anna privat vassforsyning, ikkje innlagt vatn* Dersom vasstilførsel føreset tilknytning til anna privat leidning eller kryssar annan sin grunn, ligg det føre rett til dette ved tinglyst erklæring? <input type="checkbox"/> Ja <input type="checkbox"/> Nei	* Beskriv	Vedlegg nr. Q -
<b>Avløp</b> pbl §§ 27-2, 27-3	Tilknytning i forhold til tomta <input type="checkbox"/> Offentleg avløpsanlegg <input type="checkbox"/> Privat avløpsanlegg Skal det installerast vassklosett? <input type="checkbox"/> Ja <input type="checkbox"/> Nei Ligg det føre utsleppsløyve? <input type="checkbox"/> Ja <input type="checkbox"/> Nei Dersom avløpsanlegg føreset tilknytning til anna privat leidning eller kryssar annan sin grunn, ligg det føre rett til dette ved tinglyst erklæring? <input type="checkbox"/> Ja <input type="checkbox"/> Nei		Vedlegg nr. Q -

Vedlegg			
Beskriving av vedlegg	Gruppe	Nr. frå – til	Ikkje relevant
Dispensasjonssøknader/innvilga dispensasjon	B	1 – 1	<input type="checkbox"/>
Kvittering for nabovarsel/Opplysningar gitt i nabovarsel/nabomerknader/kommentarar til nabomerknader	C	1 – 2	<input type="checkbox"/>
Situasjonsplan/avkøyringsplan	D	1 – 1	<input type="checkbox"/>
Teikningar plan, snitt, fasade (eksisterande)	E	-	<input checked="" type="checkbox"/>
Teikningar plan, snitt, fasade (ny)	E	-	<input checked="" type="checkbox"/>
Uttale/vedtak frå anna myndigheit SAK10 § 6-2 og pbl § 21-5	I	-	<input checked="" type="checkbox"/>
Rekvisisjon av oppmålingsforretning	J	-	<input checked="" type="checkbox"/>
Andre vedlegg	Q	1 – 5	<input type="checkbox"/>

Erklæring og underskrift	
<b>Tiltakshavar</b>	
Tiltakshavar pliktar å gjennomføre tiltaket ift. plan- og bygningslova (pbl), byggteknisk forskrift og gitt løyve.	
Namn Tommy Solibakke	Telefon (dagtid) Mobiltelefon 48055283
Adresse Bendalsvegen 16B	Postnr.   Poststad 6091   Fosnavåg
Dato 10/06-18	Underskrift Tommy Solibakke
Gjenta med blokkbokstavar TOMMY SOLIBAKKE	E-post tommy_solibakke@hotmail.com
	Eventuelt organisasjonsnr.



## HERØY KOMMUNE

Utviklingsavdelinga

### SØKNAD OM DISPENSASJON FRÅ AVSTANDSKRAV I VEGLOVA § 29

Tiltakshavar:	Tommy Solibakke
Ansvarleg søkjar:	Tommy Solibakke
Adresse:	Bendalsvegen 16B, 6091 Fosnavåg
Saksnr:	

Minste avstand til senterlinje veg: 6,5 m.

Søknad om:

Nybygg

Tilbygg

Garasje

Anna

Avstand til vegtype:

Fylkesveg (50 meter)

Kommuneveg (15 meter)

Kva er eigedomens status i gjeldande arealdel i kommuneplanen?

Er saka handsama i kommuna?

Ja

Nei (utskrift av byggesaka skal leggest ved)

Eventuelle andre opplysningar som kan vere relevant for saka (event. vedl.)

Støttemurer og oppfylling av terreng ut mot tomtegrense. Mur blir maks 50cm høg borte ved krysset. *Øvrige høyer er merket i situasjonskart.*

Vedlegg som skal følgje søknaden:

- Situasjonskart mål 1:500 (tiltaket skal teiknast inn og målsetjast)
- Oversiktskart i mål 1:5000

Fosnavåg 10/6-18 Tommy Solibakke

Stad

Dato

Underskrift

Søknaden sendast: [postmottak@heroy.kommune.no](mailto:postmottak@heroy.kommune.no)

Herøy kommune, Pb 274, 6099 Fosnavåg



Fra: Arkiv Herøy[arkiv@ssikt.no]  
Sendt: 16.07.2018 08:50:05  
Til: Lisbeth Moltu Espeseth  
Tittel: Tommy Solibakke 29/276 Støttemur

---

-----Opprinnelig melding-----

Fra: Tommy Solibakke <Tommy\_Solibakke@hotmail.com>  
Sendt: 16. juli 2018 08:33  
Til: Marie Frøystad Voldsund <marie.froystad.voldsund@heroy.kommune.no>; Postmottak Herøy <postmottak.heroy@heroy.kommune.no>  
Kopi: Torger Kvalsund <torger.kvalsund@heroy.kommune.no>; Ole Magne Rotevatn <ole.magne.rotevatn@heroy.kommune.no>; Eivind Flåskjer <Eivind.Flaskjer@heroy.kommune.no>  
Emne: RE: 2018/882 Tommy Solibakke 29/276 Støttemur

Hei,

Vil oppretthalde eksisterende søknad, med mindre endringer, basert på tilleggsinformasjon gjeve under.

Endringer:

- Høgder oppgitt for støttemur mot veg i "Vedlegg D-1 Situasjonstegning" var opprinnelig ihht. eksisterende terreng. Ønsker å endre disse til ihht. veghøgde. Dette medfører oppgitt høgde i sør-vest hjørne bli 1,4m høg ihht. veghøgde. De øvrige høgdemerkingene på 0,5m ihht. terreng, blir nå 0,5m ihht. veg.

Frisiktområdet som det blir referert til er i ikkje reell ihht. eksisterende terreng på staden. Som ein ser på vedlegg "Frisiktlinje 29\_276.pdf" så ser ein at Frisiktlinja er trekt direkte igjennom eksisterende terreng(berg) på staden. På kartutsnittet i vedlegget kommer det frem av høgdelinjene at det er over to meter høgdeforskjell mellom veg og terrenget. Resultatet av dette er at muren med de høgder som er søkt om, ikkje vil resultere i redusert sikt i forhold til krysset.

Vedlegg D-1 er teikning som var en del av søknad, som viser plassering av mur, samt høgder i de ulike områdene. Vedlegg Q-1, Q-2 og Q-3 viser eksisterende terreng på staden.

Torger Kvalsund var på synfaring på staden Fredag, 22.Juni.

Under synfaringa ble situasjonen diskutert, og det var einigheit at med utgangspunkt i eksisterende terreng, vil dette tiltaket ikkje få konsekvensar for sikt i området. Han påpeika likevel at han sjølv ikkje kunne gi dispensasjon frå det innteikna frisiktområdet, så eg ber om at dette blir sendt vidare til nokon som har autorisasjon til å kunne gjere det.

Ber herved om dispensasjon frå gjeldande siktlinje, og ønskjer synfaring av de som skal endeleg vurdere saka.

Dersom noko er uklart, eller om meir informasjon er nødvendig, vennlegast ta kontakt.

Mvh

Tommy Solibakke  
Tlf: 48055283

-----Original Message-----

From: Marie Frøystad Voldsund [<mailto:marie.froystad.voldsund@heroy.kommune.no>]  
Sent: 22. juni 2018 10:11  
To: tommy\_solibakke@hotmail.com  
Cc: Torger Kvalsund <torger.kvalsund@heroy.kommune.no>; Ole Magne Rotevatn <ole.magne.rotevatn@heroy.kommune.no>; Eivind Flåskjer <Eivind.Flaskjer@heroy.kommune.no>  
Subject: 2018/882 Tommy Solibakke 29/276 Støttemur

Hei,

Viser til søknad om oppføring av støttemur på gnr 29 bnr 276. Det har kome inn fylgjande svar frå vegmynde, jfr vedlagt dokument.

Eg ber om at søknaden vert endra slik at dei krava som vert stilt frå vegmynde vert innfridd. Spørsmål om kva type utforming/høgde o.l. av støttemur som kan akseptast i dette høvet må takast til vegmynde - men kravet til maks 0,5 m frå

bakken innanfor frisiktområdet er absolutt, og ikkje noko ein kan dispensere frå. Du kan nå Torger Kvalsund på [torger.kvalsund@heroy.kommune.no](mailto:torger.kvalsund@heroy.kommune.no) eller mobil 90156347.

Helsing

Marie Frøystad Voldsund  
Byggesaksbehandlar

Utviklingsavdelinga

Tlf. 70081300 Mob. 90994706

[www.heroy.kommune.no](http://www.heroy.kommune.no)

-----Opprinnelig melding-----

Fra: dokumentsender.skanner@heroy.kommune.no <dokumentsenter.skanner@heroy.kommune.no> På vegne av dokumentsender.skanner@

Sendt: 22. juni 2018 09:50

Til: Marie Frøystad Voldsund <marie.froystad.voldsund@heroy.kommune.no>

Emne: Skannet bilde fra HERHU-CO-SKKM01

Svar til: MARIVOL <marie.froystad.voldsund@heroy.kommune.no>

Enhetsnavn: HERHU-CO-SKKM01

Enhetsmodell: MX-7500N

Plassering: 2. etasje rådhus

Filformat: PDF (Middels komprimering)

Oppløsning: 300dpi x 300dpi

Vedlagt fil er et skannet bilde i PDF-format.

Bruk Acrobat (R)Reader(R) eller Adobe(R)Reader(R) fra Adobe Systems Incorporated for å se på dokumentet.

Adobe(R)Reader(R) kan lastes ned fra følgende URL:

Adobe, Adobe-logoen, Acrobat, Adobe PDF-logoen og Reader er registrerte varemerker eller varemerker tilhørende Adobe Systems Incorporated i USA og andre land.

<http://www.adobe.com/>




29/276

Dato: 22.06.2018

Målestokk: 1:500

Koordinatsystem: UTM 32N



## Tegnforklaring

<i>Kommuneplan/Kommunedelplan PBL 2008</i>		<i>Reguleringsplan- Føresegnsområde (PBL2008)</i>	
	Faresone grense		Føresegnsområde
	Faresone - Ras- og skredfare	<i>Reguleringsplan-Juridiske linjer og punkt PBL</i>	
	Angitthensyngrense		Sikringssonегrense
	Angitthensynsone - Hensyn friluftsliv		Støysonegrense
	Angitthensynsone - Bevaring kulturmiljø		Infrastrukturgrense
	Båndlegginggrense nåværende		Angittomsyngrense
	Båndlegging etter lov om naturvern - nåværende		Bandlegginggrense noverande
	Båndlegging etter lov om kulturminner - nåværende		Føresegnsgrense
	Detaljeringsgrense	<i>Reguleringsplan - Felles for PBL 1985 og 2008</i>	
	Videreføring av reguleringsplan		Regulerings- og utbyggingsplanområde
	Bestemmelsegrense		Planen si avgrensning
	Boligbebyggelse - nåværende		Faresonegrense
	Boligbebyggelse - fremtidig		Formålsgrense
	Forretning - nåværende		Byggjegrnse
	Tjenesteyting - nåværende		Bygningar som inngår i planen
	Næringsbebyggelse - nåværende		Bygningar som skal fjernast
	Næringsbebyggelse - fremtidig		Regulert senterlinje
	Andre typer bebyggelse - nåværende		Frisiktslinje
	Andre typer bebyggelse - fremtidig		Regulert kantkjørebane
	Kombinert bebyggelse og anleggsformål - nåværende		Regulert støyskjerm
	Kombinert bebyggelse og anleggsformål - fremtidig		Målelinje/avstandslinje
	Havn - nåværende		Avkjørsel
	Friområde - nåværende		Abc Påskrift feltnavn
	Landbruks-, natur- og friluftsmål samt reindrift		Abc Påskrift reguleringsformål/arealformål
	Bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhørende		Abc Påskrift areal
	Friluftsområde - nåværende		Abc Påskrift utnytting
	Kombinerte formål sjø og vassdrag - nåværende		Abc Påskrift breidde
<i>Felles for kommuneplan PBL 1985 og 2008</i>			Abc Påskrift radius
	Grense for arealformål		Abc Påskrift plantilbehør
	Hovedveg - nåværende		Abc Regulerings- og utbyggingsplan - påskrift
	Hovedveg - framtidig	<i>Eiendomsinformasjon</i>	
	Hovedveg tunnel - framtidig		Sikker grense - koordinatfesta
	Samleveg - framtidig		Usikker grense - ikkje koordinatfesta
	Samleveg - nåværende		Fiktiv grense - ikkje koordinatfesta
	Adkomstveg - nåværende		Eiendomsteig
	Adkomstveg - framtidig		Abc Gårds- og bruksnummer
	Gang-/sykkelveg - nåværende	<i>Matrikkel Tiltak (Avgjørelser i enkeltsaker)</i>	
	Gang-/sykkelveg - framtidig		Godkj. Nybygg
	Gangveg - framtidig		
	Turveg/turdrag - framtidig		
	Farled - nåværende		
	Ahc Kommune(del)plan - påskrift		
	<i>Reguleringsplan-Byggeområde (PBL1985 § 21)</i>		
	Område for bustader med tilhørende anlegg		
	<i>Reguleringsplan-Offentlege trafikkområde (PBL1985 § 22)</i>		
	Kjøreveg		
	Anna veggrunn		
	Gang-/sykkelveg		
	<i>Reguleringsplan-Friområde (PBL1985 § 25,1..)</i>		
	Friområde		
	<i>Reguleringsplan-Fareområde (PBL1985 § 25,2)</i>		
	Høgspenningsanlegg (høgspenningslinje, transformator)		
	<i>Reguleringsplan-Fellesområde (PBL1985 § 25)</i>		
	Felles avkjørsel		
	Felles leikeareal for barn		
	<i>Reguleringsplan-Bygningar og anlegg (PBL2008 § 12-1)</i>		
	Bustader - frittliggjande småhus		
	Bustader - konsentrert småhus		
	Bustader - blokker		
	Leikeplass		
	<i>Reguleringsplan-Samferdselsanlegg og tekniske anlegg</i>		
	Veg		
	Kjøreveg		
	Fortau		
	Gang-/sykkelveg		
	Annan veggrunn - tekniske anlegg		
	Annan veggrunn - grøntareal		
	Parkeringsplassar		
	<i>Reguleringsplan- Landbruks-, natur- og friluftsmål</i>		
	Friluftsmål		
	<i>Reguleringsplan-Omsynsone (PBL2008 §12-1)</i>		
	Sikringsone - Frisikt		
	Støysone - Raud sone etter rundskriv T-1442		
	Støysone - Gul sone etter rundskriv T-1442		
	Infrastruktursone - Rekkjefølgekav infrastruktur		
	Angittomsynsone - Bevaring kulturmiljø		
	Bandlegging etter lov om kulturminner		





# Bendalsvegen 16B

Dato: 25.05.2018

Målestokk: 1:500

Koordinatsystem: UTM 32N















Bergslivagen



## NOTAT

Til: Utviklingsavdelinga

Frå: Anlegg og driftsavdelinga

Saksnr  
2018/882

Arkivkode

Dato  
20.06.2018

---

### UTTALE FRÅ VEGMYNDE - DISPENSASJON FRÅ AVSTANDSKRAV TIL KOMMUNAL VEG FOR OPPFØRING AV STØTTEMUR - 29/276

Det vert søkt om dispensasjon for oppføring av støttemur utanfor regulert byggelinje, mot vegkrysset Borgarhaugvegen/Bergslibakken. Muren vil ha ei høge frå 0,5 meter til 1,6 meter. Heile lengda på muren som vender mot veg vil difor ligge innanfor regulerte frisiktliner.

Føresegna til reguleringsplanen «Bergsøy/Bendal» §14 seier at innanfor frisiktlinene må det verer fri sikt i ei høgd av 0,5 meter over planum til dei tilstøytande vegar. Arealet innanfor frisiktlinene må ikkje brukast slik at fri sikt på noko tidspunkt vert hindra.

Skular og barnehagar i området gjer at det er mykje trafikk på desse vegane, og mange born nyttar gangvegen.

På grunnlag av dette kan ikkje vegmynde tilrå at det vert gjeve dispensasjon for oppføring av støttemur slik den framkjem på innsendt situasjonstegning.

Med helsing

Torger Kvalsund



Utviklingsavdelinga

## SAKSFRAMLEGG

---

Sakshandsamar:	EFLÅ	Arkivsaknr:	2018/1115
		Arkiv:	38/57

---

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
56/18	Maritim og teknisk komite	10.09.2018

### BERIT BERGE SKJELSVIK - 38/57 - UTLEGGING AV FLYTEBRYGGE

#### Tilråding:

Maritim og teknisk komite vedtek at det med heimel i pbl §§ 19-2 og 1-8 vert gitt dispensasjon frå plankravet og strandsonevernet vedr. etablering av flytebrygge med landgang på gnr. 38 bnr. 57.

Maritim og teknisk komite vedtek vidare at det med heimel i hamne- og farvasslova og plan og bygningslova vert gitt løyve til utlegging av flytebrygge og at det vert etablert landfeste på gnr. 38 bnr. 57 som omsøkt.

#### **Vilkår:**

- Løyvet er mellombels utan tidsavgrensing.
- Etableringa av landgang/flytebrygge må ikkje hindre ålmenta å ferdast forbi naustet i strandsona.

*Ein gjer merksam på at dette vedtaket kan klagast til Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Fylkeshuset, 6404 Molde. Mogleg klage må vere skriftleg og grunngjeven og den skal stilast til Fylkesmannen, men sendast til Herøy kommune, Postboks 274, 6099 Fosnavåg. Klagefristen er på 3 – tre – veker frå den dag melding om vedtaket har kome fram til den som har klagerett, jfr plan- og bygningslova § 1-9 og forvaltningslova §§ 28 og 29.*

#### Særutskrift:

Berit Berge Skjelsvik, Breidnesvegen 20 , 6092 Fosnavåg

**Vedlegg:**

- 1 Søknad om løyve til tiltak utan ansvarsrett
- 2 Søknad om dispensasjon
- 3 Kart
- 4 Tilleggsopplysningar til søknad om utlegging av flytebrygge

**Saksopplysningar:**

Saka gjeld søknad om utlegging av flytebrygge på gnr 38 bnr 57. Søkar og tiltakshavar er Berit Berge Skjelsvik. Søknad innregistrert 02.08.2018. Søknaden var noko mangelfull. Den aktuelle nausteigedomen , 38/57, ligg i eit område med plankrav i kommuneplanen sin arealdel. I tillegg så er det omsøkte tiltaket eit søknadspiktig tiltak som vert liggande i strandsona, noko som krev dispensasjon frå pbl §1-8 , strandsonevernet.

Tiltakshavar sende inn søknad om dispensasjon frå plankravet og pbl §1-8 med tilhøyrande grunngeving 28.08.2018.

Godkjenning av flytebrygger må handsamast både etter plan og bygningslova og hamne og farvasslova. I denne saka må det også gjevast dispensasjon frå plankrav og pbl §1-8.

**Vurdering og konklusjon:**

Det er søkt dispensasjon frå plankravet og pbl §1-8 ( strandsonevernet ) for å etablere flytebrygge knytt til nausteigedomen 38/57. Når det gjeld plankravet så vil den landbaserte delen av det her omsøkte tiltaket ikkje påverke denne eigedomen eller anna grunn i nærleiken. Nausttomta er allereie eksisterande og vore i bruk i lang tid. I forhold til strandsonevernet så vil den omsøkte brygga bidra til klare fordelar for dei som skal bruke naustet. Det vert lettare å bruke naustet og tilhøyrande båt i kvardagen for alle som hører til naustet. Området er avsett til boligar med plankrav i kommuneplanen sin arealdel og det er i nærleiken fleire etablerte flytebrygger.

Tiltaket er nabovarsla og det er ikkje kome inn merknader til omsøkt flytebryggeplassering.

**Maritim og teknisk komite vedtek at det vert gitt løyve til utlegging av flytebrygge som omsøkt på gnr 38 bnr 57 – løyvet er midlertidig utan tidsavgrensing. Tiltaket er godkjent etter hamne- og farvasslova og plan- og bygningslova.**

Konsekvensar for folkehelse:

Ingen vesentlege

Konsekvensar for beredskap:

Ingen vesentlege

Konsekvensar for drift:

Ingen vesentlege



Fosnavåg, 31.08.2018

Olaus-Jon Kopperstad  
Rådmann

Jarl Martin Møller  
Avd.leiar

Sakshandsamar: Eivind Flåskjer

**Søknad om tiltak uten ansvarsrett**  
etter plan- og bygningsloven § 20-2

Oppfylles vilkårene for 3 ukers saksbehandling, jf. § 21-7 andre ledd?  Ja  Nei

- tiltaket er i samsvar med arealplaner, plan- og bygningsloven med forskrifter  
- ikke behov for tillatelse/samtykke/uttalelse fra annen myndighet

Berører tiltaket eksisterende eller fremtidige arbeidsplasser?  Ja  Nei  
Hvis ja, skal samtykke innhentes fra Arbeidstilsynet før igangsetting av tiltaket. Byggblankett 5177 med vedlegg.

Berører tiltaket byggverk oppført før 1850, jf. Kulturminneloven § 25 andre ledd?  Ja  Nei  
Hvis ja, skal uttalelse fra fylkeskommunen foreligge før igangsetting av tiltaket.

Opplysninger gitt i søknaden eller vedlegg til søknaden vil bli registrert i matrikkelen.

Dersom det foreligger merknader fra naboer eller gjenboere, må det foreligge tillatelse fra kommunen før tiltaket igangsettes.

**Søknaden gjelder**

Eiendom/ byggested	Gnr. 38	Bnr. 57	Festenr.	Seksjonsnr.	Bygningsnr.	Bolignr. P	Kommune
	Adresse				Postnr.	Poststed	Dok nr

Ark.kode S  
Kassasjon

**Tiltakets art**

Mindre tiltak til bebygd eiendom, pbl § 20-2 bokstav a) og SAK10 § 3-1

Tilbygg < 50 m<sup>2</sup>  Frittliggende bygning (ikke boligformål) < 70 m<sup>2</sup>  Antennesystem  Skilt/reklame

Driftsbygning i landbruket med samlet bruksareal (BRA) mindre enn 1000 kvm, jf. pbl § 20-2 bokstav b) og SAK10 § 3-2

Midlertidig bygning, konstruksjon eller anlegg, pbl § 20-2 bokstav c) (som ikke skal plasseres for lengre tidsrom enn 2 år)

Bruksendring (fra tilleggsdel til hoveddel og motsatt innenfor en bruksenhet)

Planlagt bruk/formål *utlesning av flytebrysse 6x3 m*

**Forhåndskonferanse**

Pbl § 21-1 Forhåndskonferanse er avholdt  Ja  Nei

**Dispensasjonssøknad og fravik fra TEK10**

Pbl Kap. 19 Det søkes dispensasjon fra bestemmelsene i: (begrunnelse for dispensasjon gis på eget ark)

Plan- og bygningsloven med forskrifter  Kommunale vedtekter/forskrifter til pbl  Arealplaner  Vegloven  Vedlegg nr. B -

Pbl § 31-2  Det søkes om fravik fra TEK for eksisterende byggverk (pbl § 31-2) Redegjørelse i eget vedlegg  Vedlegg nr. B -

**Arealdisponering**

Sett kryss for gjeldende plan

Arealdel av kommuneplan  Reguleringsplan  Bebyggelsesplan

Navn på plan

Reguleringsformål i arealdel av kommuneplan/reguleringsplan/bebyggelsesplan - beskriv

	Velg aktuell kolonne iht. beregningsregel angitt i gjeldende plan*				
	%-BYA	BYA	%-BRA / %-TU	BRA	U-grad
a. Grad av utnytting iht. gjeldende plan	%	m <sup>2</sup>	%	m <sup>2</sup>	
b. Byggeområde/grunneiendom**	m <sup>2</sup>		m <sup>2</sup>		m <sup>2</sup>
c. Ev. areal som trekkes fra iht. beregn.regler	-	m <sup>2</sup>	-	m <sup>2</sup>	
d. Ev. areal som legges til iht. beregn.regler					+ m <sup>2</sup>
e. Beregnet tomteareal (b - c) eller (b + d)	=	m <sup>2</sup>	=	m <sup>2</sup>	= m <sup>2</sup>
<b>Grad av utnytting</b>	m <sup>2</sup> BYA	m <sup>2</sup> BYA	m <sup>2</sup> BRA	m <sup>2</sup> BRA	m <sup>2</sup> BTA
f. Beregnet maks. byggeareal iht. plan (jf. a. og e.)	m <sup>2</sup>	m <sup>2</sup>	m <sup>2</sup>	m <sup>2</sup>	m <sup>2</sup>
g. Areal eksisterende bebyggelse	m <sup>2</sup>	m <sup>2</sup>	m <sup>2</sup>	m <sup>2</sup>	m <sup>2</sup>
h. Areal ny bebyggelse	+ m <sup>2</sup>	+ m <sup>2</sup>	+ m <sup>2</sup>	+ m <sup>2</sup>	+ m <sup>2</sup>
i. Parkeringsareal	+ m <sup>2</sup>	+ m <sup>2</sup>	+ m <sup>2</sup>	+ m <sup>2</sup>	+ m <sup>2</sup>
j. Sum areal	= m <sup>2</sup>	= m <sup>2</sup>	= m <sup>2</sup>	= m <sup>2</sup>	= m <sup>2</sup>
Beregnet grad av utnytting (jf. e. og j.)***	%	m <sup>2</sup>	%	m <sup>2</sup>	

\* Skal beregning av utnyttingsgrad skje etter annen regel, beskriv nærmere  Vedlegg nr. Q -

\*\* Dersom areal i rad b ikke er fremkommet av målebrev, beskriv nærmere  Vedlegg nr. Q -

\*\*\* Vis ev. underlag for beregningen av grad av utnytting i vedlegg  Vedlegg nr. Q -

Tilleggsopplysninger om areal på ny bebyggelse

Skjer beregningen ovenfor i m<sup>2</sup> BRA, oppgi også: Bebygd areal:  m<sup>2</sup> BYA Skjer beregningen ovenfor i m<sup>2</sup> BYA oppgi også: Bruksareal:  m<sup>2</sup> BRA

Er beregningen foretatt i m<sup>2</sup> BTA, oppgi både bebygd areal og bruksareal.

Arealdisponering (forts.)		
Plassering av tiltaket	Kan høyspent kraftlinje være i konflikt med tiltaket? <input type="checkbox"/> Ja <input checked="" type="checkbox"/> Nei	Vedlegg nr. Q -
	Hvis ja, må avklaring med berørt rettighetshaver være dokumentert	
	Kan vann og avløpsledninger være i konflikt med tiltaket? <input type="checkbox"/> Ja <input checked="" type="checkbox"/> Nei	Vedlegg nr. Q -
	Hvis ja, må avklaring med berørt rettighetshaver være dokumentert	

Tilknytning til veg og ledningsnett		
Adkomst vegloven §§ 40-43 pbl § 27-4	Gir tiltaket endrede avkjøringsforhold? <input type="checkbox"/> Ja <input checked="" type="checkbox"/> Nei	Tomta har adkomst til følgende veg som er opparbeidet og åpen for alminnetlig ferdsel: <input type="checkbox"/> Riksveg/fylkesveg Er avkjøringsstillatelse gitt? <input type="checkbox"/> Ja <input type="checkbox"/> Nei <input type="checkbox"/> Kommunal veg Er avkjøringsstillatelse gitt? <input type="checkbox"/> Ja <input type="checkbox"/> Nei <input type="checkbox"/> Privat veg Er vegrett sikret ved tinglyst erklæring? <input type="checkbox"/> Ja <input type="checkbox"/> Nei
Vannforsyning pbl §§ 27-2, 27-3	Tilknytning i forhold til tomta <input type="checkbox"/> Offentlig vannverk <input type="checkbox"/> Privat vannverk <input type="checkbox"/> Annen privat vannforsyning, innlagt vann <input type="checkbox"/> Annen privat vannforsyning, ikke innlagt vann Dersom vanntilførsel forutsetter tilknytning til annen privat ledning eller krysser annens grunn, foreligger rettighet ved tinglyst erklæring? <input type="checkbox"/> Ja <input type="checkbox"/> Nei	Beskriv <input type="text"/> Vedlegg nr. Q -
Avløp pbl §§ 27-2, 27-3	Tilknytning i forhold til tomta <input type="checkbox"/> Offentlig avløpsanlegg <input type="checkbox"/> Privat avløpsanlegg Skal det installeres vannklosett? <input type="checkbox"/> Ja <input type="checkbox"/> Nei Foreligger utslippstillatelse? <input type="checkbox"/> Ja <input type="checkbox"/> Nei Dersom avløpsanlegg forutsetter tilknytning til annen privat ledning eller krysser annens grunn, foreligger rettighet ved tinglyst erklæring? <input type="checkbox"/> Ja <input type="checkbox"/> Nei	Vedlegg nr. Q -
Overvann	Takvann/overvann føres til: <input type="checkbox"/> Avløpssystem <input type="checkbox"/> Terreng	

Vedlegg			
Beskrivelse av vedlegg	Gruppe	Nr. fra - til	Ikke relevant
Dispensasjonssøknader	B	-	<input type="checkbox"/>
Nabovarsling (gjenpart/nabomerknader/ kommentarer til nabomerknader)	C	-	<input type="checkbox"/>
Situasjonsplan/avkjøringsplan	D	-	<input type="checkbox"/>
Tegninger plan, snitt, fasade (eksisterende)	E	-	<input type="checkbox"/>
Tegninger plan, snitt, fasade (ny)	E	-	<input type="checkbox"/>
Uttalelse/vedtak fra annen offentlig myndighet	I	-	<input type="checkbox"/>
Andre vedlegg	Q	-	<input type="checkbox"/>

Erklæring og underskrift			
<b>Tiltakshaver</b>			
Tiltakshaver forplikter seg til å la gjennomføre tiltaket iht. plan- og bygningsloven (pbl) og byggteknisk forskrift			
Navn	Telefon (dagtid)	Mobiltelefon	
BERIT BERGE SKJELSVIK		47602324	
Adresse	Postnr.	Poststed	
BREIDNESVEGEN 20	6092	FOSNAVÅG	
Dato	Underskrift		
2/8-18	Berit B. Skjelsvik		
	E-postadresse		
	janduu-s@online.no		
Gjentas med blokkbokstaver	Eventuelt organisasjonsnr.		
BERIT B. SKJELSVIK			



HERØY KOMMUNE  
RÅDMANNEN

Reg nr. Saksbeh. Søknaden skal sendast til:  
Herøy kommune  
Utviklingsavdelinga  
Postboks 274  
6099 Fosnavåg

30 AUG. 2018

Ark kode P  
Ark kode S  
J nr. Dok nr.

# Søknad om dispensasjon

Saksnr. i kommunen:  
\_\_\_\_\_  
Motteke: \_\_\_\_\_

- Søknad om dispensasjon frå plan- og bygningslova (pbl).
- Søknad om dispensasjon frå føresegn, forskrift eller plan vedteken med heimel i lova, jfr pbl. § 19

Eigedom: Naüst Gnr. 38 Bnr. 57 Festenr. \_\_\_\_\_

Kort omtale av tiltaket:

Uthugging av flytebrygge

Sjå tidl. innsendt brev, dat. 070818

Det vert søkt om dispensasjon frå følgjande regel/føresegn:

Plankravet i området og bygge- og delforbodet pbl. § 1-8.

Grunngjeving:

Vi har båt i naustet og trenger flytebrygge for å brødre den.

- Varsling av naboar/gjenbuvarar ..... vedlegg nr.: Sjå tidl. innsendt søknad
- Eventuelle teikningar, kart etc. .... vedlegg nr.: \_\_\_\_\_
- Eventuelle uttaler frå andre offentlege styresmakter .... vedlegg nr.: \_\_\_\_\_

Namn BERIT BERGE SKJELSVIK Adresse Bridnusvegen 20

Postnr. 6092 Postadr. Fosnavåg Telefon 47602324 Mobiltf. \_\_\_\_\_

Dato: 28.8.18

Suit f. Skjelsvik

Skriv ut





Herøy kommune  
Postboks 274  
6099 Fosnavåg

 HERØY KOMMUNE RÅDMANNEN	
Reg nr.	Saksbeh.
- 8 AUG. 2018	
Ark kode P	
Ark kode S	
J nr.	Dok nr.
Kassasjon	

**Tilleggsopplysningar til søknad om utlegging av flytebygge på gnr. 38 bnr. 57 på Eggesbønes i Herøy kommune**

Flytebrygga er produsert av trykkimpregnert tremateriale med flytepontonger med storleik 100x50x50 cm. Materialet er isopor og innebygd i flytebrygga. Flytebrygga er 3x6 meter.

Landgang i aluminium, omlag 6 meter. Gangvegen frå naustet inklusiv landgangen blir omlag 20 meter, grunna langgrunn fjøre.

Trygg forankring vert gjort på vanleg måte.

Flytebrygga ligg inst i valen i Breidneset med ingen båttrafikk.

Fosnavåg, 070818

  
Berit Berge Skjelsvik





HERØY KOMMUNE  
HERØY KOMMUNE

Rådmannen

## SAKSFRAMLEGG

---

Sakshandsamar:	OJK	Arkivsaknr:	2018/1025
		Arkiv:	020

---

<b>Utvalsaksnr</b>	<b>Utval</b>	<b>Møtedato</b>
22/18	Komite for helse og omsorg	06.09.2018
19/18	Komite for oppvekst	05.09.2018
37/18	Komite for næring, kultur og idrett	10.09.2018
57/18	Maritim og teknisk komite	10.09.2018
	Formannskapet	11.09.2018
	Kommunestyret	20.09.2018

### KOSTRA 2017

#### Møtebehandling:

**Tilråding i Komite for næring, kultur og idrett - 10.09.2018**

#### Møtebehandling:

**Tilråding i Komite for oppvekst - 05.09.2018**

**Møtebehandling:**

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

**Tilråding i Komite for helse og omsorg - 06.09.2018**

Kommunestyret meiner at kommunen heller bør ta sikte på å auke disposisjonsfondet i økonomiplanperioden 2019-2022 enn å tappe det for ca 28,3 mill kr slik det går fram av økonomiplanen for 2018-2021.

Kommunestyret ber difor om at det i samband med budsjettarbeidet vert gjort innsparingar utover innsparinga i K-sak 57/18, m.a. basert på det som kjem fram i denne saka om forbruket på ulike tenesteområde der kommunen har høgare utgifter enn gjennomsnittet for kommunegruppe 8.

**Tilråding:**

Kommunestyret meiner at kommunen heller bør ta sikte på å auke disposisjonsfondet i økonomiplanperioden 2019-2022 enn å tappe det for ca 28,3 mill kr slik det går fram av økonomiplanen for 2018-2021.

Kommunestyret ber difor om at det i samband med budsjettarbeidet vert gjort innsparingar utover innsparinga i K-sak 57/18, m.a. basert på det som kjem fram i denne saka om forbruket på ulike tenesteområde der kommunen har høgare utgifter enn gjennomsnittet for kommunegruppe 8.

Særutskrift:

- Kommunalsjefane
- Økonomileiar

## Vedlegg:

- Økonomianalyse 2017 (KOSTRA-analyse).

### Samandrag av saka:

Framsikt v/Bjørn Brox har gjennomført ei **økonomianalyse** basert på KOSTRA- tal for 2017. Dette er ein analyse av rekneskap og andre KOSTRA- tal for 2017.

Finansane i kommunen er vurderte på grunnlag av tre nøkkeltal. Netto driftsresultat i prosent av driftsinntektene er svakare enn tilrådd i 2017, og betydeleg lavare enn gjennomsnittet i kommunegruppa. Herøy har lite midlar i disposisjonsfond og dermed lita evne til å møte uføresette økonomiske problem. Kommunen har høg netto lånegjeld og er svært utsett for renterisiko.

Kostnadsnivået i tenestene i kommunen er 17 millionar høgare enn gjennomsnittet i kommunegruppe 8 i 2017 og 6-44 millionar høgare enn utgiftene i samanlikningskommunane.

### Saksopplysningar:

Framsikt har gjennomført ei økonomianalyse basert på KOSTRA- tal for 2017. Dette er ein analyse av rekneskap og andre KOSTRA- tal for 2017. Herøy er samanlikna med Ulstein, Sula, Volda og Ørsta (naboar), Gjerdrum og Songdalen (billige og flinke kommunar) og kommunegruppe 8 (middels lett drivne kommunar med mellom 5.000 og 20.000 innbyggjarar og middels inntekter).

I samandraget av rapporten står det at finansane er vurderte på grunnlag av tre nøkkeltal. Netto driftsresultat i prosent av driftsinntektene i Herøy er svakare enn tilrådd i 2017, og betydeleg lavare enn gjennomsnittet i kommunegruppa. Herøy har lite midlar i disposisjonsfond og dermed lita evne til å møte uføresette økonomiske problem. Kommunen har høg netto lånegjeld og er svært utsett for renterisiko.

Vidare vert det peika på at kostnadsnivået i tenestene i kommunen er 17 millionar høgare enn gjennomsnittet i kommunegruppe 8 i 2017 og 6-44 millionar høgare enn utgiftene i samanlikningskommunane

### Oversikt innsparingspotensial ift samanlikningskommunane (mill. kr)

	Ulstein	Volda	Ørsta	Sula	Gjerdrum	Songdalen	Kostragruppe 08
Pleie og omsorg	15,4	-16,3	-23,2	-4,6	-1,1	11,2	-7,9
Grunnskole	-6,5	-11,9	2,6	7,8	17,3	-14,4	-0,6
Adm, styring og fellesutgifter	2,9	0,5	4,6	9,4	-1,5	-4,9	7,3
Barnehage	-6,9	-1,2	-8,4	-5,0	1,7	2,6	-0,9
Sosiale tjenester	3,3	5,7	7,1	11,3	4,3	8,2	1,5
Kommunehelse	4,7	3,8	5,4	2,8	2,8	1,8	1,3
Barnevern	-4,6	4,9	10,6	-6,9	-5,3	0,7	-2,7
Kultur og idrett	4,8	10,5	8,6	11,1	7,4	7,0	4,6
Plan, kulturminner, natur og nærmiljø	1,6	-1,6	0,5	-1,0	-0,9	0,3	0,0
Andre områder	9,0	11,8	11,0	18,4	19,6	9,9	15,1
Brann og ulykkesvern	3,2	0,9	1,3	3,9	4,7	5,1	3,4
Kommunale boliger	4,0	4,0	1,8	1,6	1,3	-3,8	0,5
Samferdsel	0,4	1,9	2,3	9,0	11,2	7,8	7,6
Næringsforv. og konsesjonskraft	-0,9	4,4	3,7	1,6	0,3	-1,0	1,2
Kirke	2,3	0,6	1,9	2,3	2,1	1,7	2,4
<b>Totalt</b>	<b>23,8</b>	<b>6,1</b>	<b>18,9</b>	<b>43,3</b>	<b>44,2</b>	<b>22,5</b>	<b>17,3</b>



Figuren over viser kostnadsforskjellar mellom Herøy og andre kommunar i millionar kroner. Vi ser kor mykje Herøy kan spare ved å drive med same kostnadsnivå som dei andre kommunane. (- er dyrare enn Herøy, + er billigare enn Herøy).

Samla behovskorrigererte netto driftsutgifter i Herøy var 17 millionar kroner høgare enn gjennomsnittet i Kommunegruppe 8 i 2017. Herøy dreiv tenestene 44 millionar kroner dyrare enn Sula og Gjerdrum og 23 millionar kroner dyrare enn Songdalen og Ulstein.

Figuren viser også kva for tenester som vert drive dyrt og billig i Herøy, samanlikna med Kommunegruppe 8 og dei andre kommunane. I forhold til kommunegruppa brukar Herøy meir pengar på desse tenestene: Adm (7 mill), Sosial (2 mill), Helse (1 mill), Kultur (5 mill), kyrkje (2 mill) og diverse tekniske tenester (13 mill). Utgiftene er lavare innanfor PLO (8 mill), grunnskule (1 mill), barnehage (1 mill) og barnevern (3 mill).

PLO vert drive 10-15 mill kroner billigare i Ulstein og Songdalen. Grunnskulen vert driven 8-17 millionar kroner billigare i Gjerdrum og Sula. Administrasjon vert drive 9 mill kroner billigare i Sula. Sosial vert drive 11 mill kroner billigare i Sula. Kultur vert drive 11 mill kroner billigare i Volda og Sula. Samferdsel vert drive 9-11 mill kroner billigare i Sula og Gjerdrum.

NB: Gjennomsnittet i kommunegruppe 8 i PLO vert påverka av at 6 norske kommunar har fått statstilskot til tenesta, og vert drive omtrent utan netto utgifter. Dette påvirker gjennomsnittet for PLO i kommunegruppe 8 kraftig. Det er korrigert for denne effekten i rapporten, men ikkje i Framsikt analyse. Framsikt analyse viser at Herøy hadde 4 millionar kroner høgare netto utgifter i PLO enn gjennomsnittet i kommunegruppe 8.

I samandraget skriv Brox at hovudårsaken til lavare utgifter i samanlikningskommunane er:

- Større grunnskular
- Mindre utgifter til alle slags kulturtiltak
- Lavare einingsprisar i eigeomsdrift og vegdrift
- Billigare administrasjon og politisk styring
- Billigare brannvesen

I tillegg har eg merka meg fylgjande:

- **Skuleskyss** kostar 1,0 mill meir enn snittet i kommunegruppa 6 skular vart nedlagde i 2009. Dette medførte lengre skuleveg for mange og rett til skyss etter opplæringslova.

Det er dårlege forhold for kryssing av vegen mellom Berge og kyrkja. Det vert vurdert som farleg å krysse vegen for dei yngste elevane, og dermed rett til skuleskyss.

Mykje spreidd busetnad i kommunen, gir rett til skyss anten i forhold til avstand til skulen eller smal/dårleg veg utan gangfelt.

- **Fastlege, fysio og legevakt** kostar 4,0 mill meir enn snittet

Funksjon 241:

Her er nokre feilføringar, dyr legevakt, betaling eksterne som vi ikkje kan styre (NPV, Helfo). Vi ligg lågt ifht kommunal fysioterapi. Legevakt meiner ein å drifte så rimeleg og effektivt som mogleg. Dette vil bli dyrare med nye krav.

Funksjon 243:

Utgiftene er i hovudsak løn. Herøy er organisert med eigen seksjon i dag. Dei fleste kommunar har dette fellesorganisert med psykisk helse. Mogleg har andre kommunar ei anna funksjonsføring enn Herøy. Vi ligg lågt med tilsette ifht psykisk helse, men høgare på rus. Dette området vert slått saman frå 01.01.2019 også i Herøy kommune. Funksjonsføring her kan vi mogleg skjønsmessig korrigere, då ein i felles seksjon naturleg vil arbeide meir på tvers.

- **Sosiale tenester:** 2,0 mill meir på rettleiing, 1,0 mill meir på rusomsorg, 2,0 mill meir på arbeidstiltak enn snittet

Funksjon 242 Veiledning

Det er nokre feilføringar her, mellom anna skulle godt over 1 mill vore ført på 281 sosialhjelp. På denne funksjonen er også Solheim dagsenter ført.

Funksjon 243 Rusomsorg

På denne funksjonen er bustadsosiale tenester ført. Det er mogleg at desse tenestene i andre kommunar vert ført på 254 - jf kommentarane vedkomande funksjon 241.

Funksjon 273 Verna arbeid.

På denne funksjonen er mellom anna lærlingane ført med 1,4 mill. Det er og ført vel 0,8 mill vedkomande tiltakspakken. Desse føringane gjer at ein får høge utgifter på desse funksjonane

- **Utleige av bustader:** 1,0 mill meir enn snittet (utleige av bustader gjekk med underskot)  
Husleigesatsane i Herøy kan vere lågare enn husleigesatsane i samanliknbare kommunar. Vi har i dei siste åra auka husleigesatsane gradvis, men det er fortsatt eit stykke igjen til vi er på antatt marknadsprisivå.

Ei anna forklaring kan vere at utleigebustadar vert ståande tome med husleigetap som konsekvens i påvente av klargjering for ny utleige. Klargjering kan drage ut i tid, av ulike grunnar, men gjennom tverrfagleg samarbeid bør i alle fall Herøy kommune bidra til at utleigebustadane er mindre utsette for skadeverk gjennom året og kontraktsforholdet, slik at klargjering for ny utleige vert mindre kostnadskrevjande.

Ei tredje forklaring kan vere knytt til avskrivninga av kommunale bustadar.

- Drift av **kulturbygg:** 3,0 mill meir enn snittet  
Herøy kommune har to bygg å drifte, dette gjer nok store utslag. Det er for 2018 og framover iverksett tiltak for å få desse kostnadane ned, men det vil vere vanskeleg å sjå at vi skal greie å hente inn desse kostnadane fullt ut.

Tiltakspakke 2017 er ført med kr. 349 668 på denne funksjonen i 2017. Likeins utgjør fordelte lønsutgifter frå Seksjon Byggdrift kr. 256 155 medan offentlege avgifter og forsikring utgjør om lag kr. 170 000.

- **Kulturskule:** 2,0 mill meir enn snittet  
Herøy har ein andel på 34,7% av elevane i grunnskulen som deltek i kulturskulen. Det høgste talet i samanlikningskommunane. Kostragruppe 8 har 16,6%. Viser til Brox sin kommentar i rapporten under tabellen øvst side 51: Høge kostnader kjem av høg dekningsgrad, ikkje av høge utgifter pr brukar.  
  
Utgiftene pr brukar ligg kr 2.900 under gjennomsnittet i kommunegruppa
- **Kyrkje:** 2,0 mill meir enn snittet  
Herøy har 3 kyrkjer og 7 gravplassar.
- **Kart/oppmåling og byggesak:** 1,0 meir enn snittet  
Området har fått overført 1 heimel frå plan for nokre år tilbake og det gjer nok noko utslag på denne Kostra-analysen. Denne heimelen er i dag overført til funksjon 302 på bakgrunn av lengre sjukmelding. Ein forventar at utgiftene vil vere meir på snittet ved neste analyse.
- **Politisk styring:** 2,0 mill meir enn snittet  
Netto utgifter på dette ansvaret er på ca 4,1 mill. Løn (1,5 mill) og møtegodtgjersle (1,0 mill) er dei største enkeltpostane.
- **Administrasjon:** 7,0 mill meir enn snittet  
Dette området er vanskeleg å analysere fordi kommunane sin rekneskapspraksis varierer (tolking av skillet mellom teneste og administrasjon), sjå side 56 i rapporten.
- **Brann:** 3,0 mill kr meir enn snittet  
Funksjon 338, forebyggande, er tilfredstillande. Funksjon 339 beredskap er tidlegare utgreidd i sak 17/715 og det er lagt fram fleire modellar for innsparing av beredskapen. Vi driv vi dyrare pga. ekstra brannstasjon i Myrvåg. Ved å legge ned brannstasjonen kan dette gi ei innsparing på 840 000 kr. I sak 17/715 er det og vist til andre tiltak som er mogleg å gjennomføre som gjer at kostnadane vert vesentleg redusert innan funksjon 339.
- **Eigedomshandling:** 3,0 mill kr meir enn snittet  
I forhold til budsjettet var det største meirforbruket på dette området i 2017 sviktande husleigeinntekter (ca 1,4 mill) og kommunal drift (1,3 mill).
- **Hamnevesen:** 3,0 mill kr meir enn snittet  
Avskrivningar på 1 540 000 kr og 350 000 kr på tiltakspakke er ført her. I tillegg har vi ikkje nok inntekter på kaivederlag for å dekke opp kostnadane.
- **Næringsføremål:** 1,0 mill kr meir enn snittet  
Tiltakspakken er ført på funksjon 325, 800 000kr



### **Vedtak i Kommunestyret - 24.05.2018 sak 57/18:**

1. Kommunestyret vedtek innsparingstiltaka slik dei går fram av vedlagde notat frå kommunalsjefane.
2. Kommunestyret ber om at stillingar vert haldne ledige så lenge det er forsvarleg.
3. Kommunestyret ber om at Kostratal vert tekne med i vurderinga av innsparingstiltak. Andre sektorar enn oppvekst, som ligg vesentleg høgare i Kostratal, må ta større andel av innsparingstiltakta.
4. Kommunestyret ber om at Myrvåg brannstasjon vert oppretthalden.
5. Kommunestyret ber om at Moltu skule held fram i si noverande form.
6. Kommunestyret ber om at tilbodet om privat brøyting vert oppretthalde. .

### **Kommunestyresak 57/18 24.05.18 gav slikt resultat::**

Samla innsparing oppvekst:	2.200.000
Samla innsparing helse og omsorg:	4.765.000
Samla innsparing samfunnsutvikling:	1.110.200
Samla innsparing stab:	<u>2.200.000</u>

**Samla innsparing:** **10.275.200**

I protokollen frå møtet der det står:

«Høgre v/Idar Tarberg kom med framlegg om slikt tillegg til pkt 4 i tilrådinga frå formannskapet:  
Myrvåg brannstasjon vert oppretthalden på dagens driftsnivå. Framlegget fekk 14 røyster og fall.»

Dette opnar då for å vurdere driftsnivået ved Myrvåg brannstasjon.

### **Vurdering og konklusjon:**

2017 og 2016 er dei beste åra kommunen har hatt sidan 2006 når det gjeld driftsresultat. Kommunen har heller ikkje i denne perioden hatt eit så stort disposisjonsfond som vi har i dag.

Trass dette er resultatet i Herøy er svakare enn tilrådd i 2017, og betydeleg lavare enn gjennomsnittet i kommunegruppa. Herøy har lite midlar i disposisjonsfond og dermed lita evne til å møte uføresette økonomiske problem. Kommunen har høg netto lånegjeld og er svært utsett for renterisiko.

Kostnadsnivået i tenestene i kommunen er 17 millionar høgare enn gjennomsnittet i kommunegruppe 8 i 2017 og 6-44 millionar høgare enn utgiftene i samanlikningskommunane.

I økonomiplanen for 2018-2021 er det lagt til grunn at kommunen skal bruke ca 28,3 millionar kroner for å balansere budsjettet i tillegg 10,0 mill kr i innsparing og 7,45 mill kr i rammeinnsparing.

Etter mi vurdering bør kommunen heller ta sikte på å auke disposisjonsfondet i økonomiplanen 2019-2022 heller enn å tappe det for ca 28,3 mill kr slik det går fram av økonomiplanen for 2018-2021.

Eg rår difor til at det bør takast sikte på innsparingar utover innsparinga i K-sak 57/18, m.a. basert på det som kjem fram i denne saka om forbruket på ulike

tenesteområde der kommunen har høgare utgifter enn gjennomsnittet for kommunegruppe 8.

Fosnavåg, 05.07.2018

Olaus-Jon Kopperstad  
Rådmann

# Økonomianalyse 2017

## Herøy Kommune

Bjørn Brox, Framsikt AS

Versjon 18.7.2018

Sammendrag.....	1
Mandat og metode .....	4
Finansene.....	6
Samlet kostnadsnivå .....	8
Kvalitet .....	12
Grunnskole.....	13
Barnehage.....	22
Barnevern .....	27
Pleie og omsorg .....	34
Kommunehelse.....	42
Sosiale tjenester .....	45
Kommunale boliger .....	48
Kultur og idrett .....	50
Kirke .....	53
Plan, kulturminner, natur og nærmiljø.....	54
Adm, styring og fellesutgifter .....	56
Brann og ulykkesvern .....	59
Eiendomsforvaltning.....	60
Samferdsel .....	65
Næringsforv. og konsesjonskraft.....	68
Flyktninger og integrering .....	69
Vedlegg: Behovskorrigert netto utgift per innbygger per funksjon .....	70

---



## Sammendrag

Herøy har litt svake finanser, middels tjenestekvalitet og et ganske høyt kostnadsnivå i tjenestene.

Dette er en analyse av regnskap og andre Kostratall for 2017. Herøy i Møre og Romsdal er sammenlignet med Ulstein, Sula, Volda og Ørsta(naboer), Gjerdrum og Songdalen (billige og flinke kommuner) og kommunegruppe 8 (middels leiddrevne kommuner med mellom 5.000 og 20.000 innbyggere og middels inntekter).

Finansene er vurdert på grunnlag av tre nøkkeltall. Netto driftsresultat i prosent av driftsinntektene: Resultatet i Herøy var svakere enn anbefalt i 2017, og betydelig lavere enn gjennomsnittet i kommunegruppen. Herøy har lite midler i disposisjonsfond og dermed liten evne til å møte uforutsette økonomiske problemer. Kommunen har høy netto lånegjeld og er svært utsatt for renterisiko.

Kostnadsnivået i tjenestene i Herøy var 17 millioner kroner høyere enn gjennomsnittet i kommunegruppe 8 i 2017 og 6-44 millioner kroner høyere enn utgiftene i sammenligningskommunene. Sula og Gjerdrum drev 44 millioner kroner billigere. De tjenestene som drives dyrere enn gjennomsnittet i kommunegruppen er administrasjon (7 mill), helse (1 mill), sosial (2 mill), kultur (5 mill), kirke (2 mill) og tekniske tjenester (13 mill). De tjenestene som drives billigere er PLO (8 mill), grunnskolen (1 mill), barnehage (1 mill) og barnevern (3 mill).

Hovedårsaker til lavere utgifter i sammenligningskommuner:

- \* Større grunnskoler
- \* Mindre utgifter til alle slags kulturtiltak
- \* Lavere enhetspriser i eiendomsdrift og veidrift
